

Sigrid Skålnes, Frants Gundersen  
Ragnhild Skogheim og Kjetil Sørli

# Langtidseffektar av nasjonale utviklingsprogram



**NIBR**

Norsk institutt for by- og regionforskning

# Langtidseffektar av nasjonale utviklingsprogram

## Andre publikasjoner fra NIBR:

NIBR-rapport 2011:12

**Regional innovasjon og næringsutvikling**

NIBR-rapport 2011:2

**Møre og Romsdal – et reiselivsfylke med ambisjoner**

NIBR-rapport 2010:20

**Kompetanseintensive næringer og tjenester – lokalisering og regional utvikling**

Rapportene koster fra kr 250,- til kr 350,- og kan bestilles fra NIBR:

Gaustadalléen 21

0349 Oslo

Tlf. 22 95 88 00

Faks 22 60 77 74

E-post til

[nibr@nibr.no](mailto:nibr@nibr.no)

Publikasjonene

kan også skrives ut fra

[www.nibr.no](http://www.nibr.no)

Porto kommer i tillegg til de oppgitte prisene

Sigrid Skålnes, Frants Gundersen,  
Ragnhild Skogheim og Kjetil Sørli

# Langtidseffektar av nasjonale utviklingsprogram

NIBR-rapport 2011:17

**Tittel:** **Langtidseffektar av nasjonale utviklingsprogram**

**Forfatter:** Sigrid Skålnes, Frants Gundersen, Ragnhild Skogheim og Kjetil Sørli

**NIBR-rapport:** 2011:17  
**ISSN:** 1502-9794  
**ISBN:** 978-82-7071-903-7

**Prosjektnummer:** O-2926  
**Prosjektnavn:** Langtidseffektar av nasjonale utviklingsprogram

**Oppdragsgiver:** Distriktssenteret

**Prosjektleder:** Sigrid Skålnes

**Referat:** Rapporten evaluerer to nasjonale utviklingsprogram; Utkantprogrammet (1997-2001) og Tettstadprogrammet "Miljøvennlige og attraktive tettstader i distrikta" (2001-2005). Programma vart finansierte av Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet. Begge utviklingsprogramma skulle medverka til å gjera deltakarkommunane meir attraktive for innbyggjarane, og for potensielt nye innbyggjarar. Nærare 30 kommunar deltok i dei to programma, rapporten ser på langtidseffektar i sju av desse kommunane.

**Sammendrag:** Norsk og engelsk  
**Dato:** november 2011  
**Antall sider:** 161  
**Pris:** 250

**Utgiver:** Norsk institutt for by- og regionforskning  
Gaustadalléen 21,  
0349 OSLO  
Telefon: (+47) 22 95 88 00  
Telefaks: (+47) 22 60 77 74  
E-post: [nibr@nibr.no](mailto:nibr@nibr.no)  
<http://www.nibr.no>

**Vår hjemmeside:** <http://www.nibr.no>

Trykk: Nordberg A.S.  
Org. nr. NO 970205284 MVA  
© NIBR 2011

---

# Føreord

Denne rapporten er utarbeidet på oppdrag for Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling. Den tar for seg langtidseffekter av to utviklingsprogram, som ble gjennomført i periodene 1997-2001 (Utkantprogrammet) og 2001-2005 (Tettstedsprogrammet ”Miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene”) i regi av Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet.

Begge programmene ble evaluert underveis og det foreligger flere rapporter fra dette arbeidet. NIBRs prosjekt hadde som mål å vurdere langsiktige samfunnseffekter av begge programmene, se på langsiktige effekter av kommunenes arbeid med stedsutvikling og lokal samfunnsutvikling, samt komme med innspill til læring basert på erfaringer fra arbeidsprosesser, strategier og tiltak. Viktige spørsmål har vært hva som skjer når kommunene ikke lenger er del av et nasjonalt program, og i hvilken grad erfaringene fra programarbeidet er blitt ivaretatt i ettertid.

Evalueringen er begrenset til sju av deltakerkommunene, tre kommuner fra Utkantprogrammet og fire fra Tettstedsprogrammet.

Fire forskere ved NIBR har bidratt til evalueringen: Frants Gundersen, Ragnhild Skogheim, Sigrid Skålnes og Kjetil Sørli. Sigrid Skålnes har vært prosjektleder. Det har underveis vært gjennomført fire møter med representanter for Distriktssenteret, Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet. Vi takker for nyttige kommentarer!

Oslo, desember 2011  
Olaf Foss  
Forskningssjef

# Innhold

|   |    |
|---|----|
| Føreord .....   | 1  |
| Tabelloversikt.....   | 5  |
| Figuroversikt .....   | 7  |
| Samandrag .....   | 9  |
| Summary .....   | 23 |
| 1 Innleiing.....  | 38 |
| 1.1 Evalueringsoppdraget.....                                 | 40 |
| 1.1.1 Datagrunnlag, metode og evalueringsspørsmål.....        | 41 |
| 1.1.2 Rapporten.....  | 46 |
| 2 Flytting, bosetting og utdanning i endringsperspektiv ..... | 47 |
| 2.1 Kommuner i utkantprogrammet .....                         | 50 |
| 2.1.1 Vågå.....   | 50 |
| 2.1.2 Askvoll.....  | 53 |
| 2.1.3 Gamvik .....  | 56 |
| 2.2 Kommuner i Tettstedsprogrammet .....                      | 58 |
| 2.2.1 Tolga .....   | 59 |
| 2.3 Ulstein.....  | 62 |
| 2.3.1 Steinkjer .....   | 64 |
| 2.3.2 Vefsn.....  | 66 |
| 2.4 Sluttkommentar.....                                       | 68 |
| 3 Utvikling innenfor næringslivet i kommunene.....            | 71 |
| 3.1 Kompetansearbeidsplasser .....                            | 72 |
| 3.1.1 Sammendrag .....  | 77 |
| 3.2 Ulike næringer i de sju utvalgs kommunene.....            | 77 |
| 3.2.1 De tre utkantkommunene.....                             | 79 |
| 3.2.2 De fire tettstedskommunene .....                        | 81 |
| 3.3 Sammendrag .....  | 85 |
| 4 Utkantprogrammet ti år etter.....                           | 86 |
| 4.1 Langtidseffektar i lokalsamfunnet .....                   | 86 |
| 4.2 Gamvik .....  | 88 |

|       |   |     |
|-------|---|-----|
| 4.2.1 | Etter programmet .....  | 90  |
| 4.2.2 | Satsingar i forlenging av programmet .....                        | 92  |
| 4.2.3 | Interkommunalt og regionalt samarbeid .....                       | 93  |
| 4.3   | Askvoll .....   | 93  |
| 4.3.1 | Satsingar i forlenging av Utkantprogrammet .....                  | 96  |
| 4.3.2 | Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsmåtar .....                | 98  |
| 4.3.3 | Fylkekommunens rolle i lokalt utviklingsarbeid .....              | 98  |
| 4.4   | Vågå .....  | 99  |
| 4.4.1 | Satsingar i forlenging av Utkantprogrammet .....                  | 101 |
| 4.4.2 | Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsmåtar .....                | 104 |
| 4.5   | Langtidseffektar i kommunane .....                                | 106 |
| 5     | Tettstedsprogrammet .....   | 108 |
| 5.1   | Befolkningsutvikling og aldersstruktur i kommunene .....          | 108 |
| 5.2   | Vefsn kommune i Nordland .....                                    | 111 |
| 5.2.1 | Satsinger i forlengelsen av programmet .....                      | 111 |
| 5.2.2 | Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsmåtar .....                | 112 |
| 5.2.3 | Fylkeskommunen og nasjonale myndigheter .....                     | 114 |
| 5.2.4 | Samarbeid med og bistand fra private aktører .....                | 115 |
| 5.2.5 | Miljøtenkning .....   | 116 |
| 5.2.6 | Økt interesse for sentrumsutvikling .....                         | 116 |
| 5.3   | Ulstein i Møre og Romsdal .....                                   | 117 |
| 5.3.1 | Satsinger i forlengelsen av Tettstedsprogrammet .....             | 117 |
| 5.3.2 | Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsformer .....               | 119 |
| 5.3.3 | Tiltak rettet mot kvinner og ungdom .....                         | 120 |
| 5.3.4 | Fylkeskommunen og nasjonale myndigheter .....                     | 121 |
| 5.3.5 | Miljøtiltak .....   | 121 |
| 5.3.6 | Utfordringer og barrierer for å få realisert tiltak .....         | 122 |
| 5.3.7 | Folk er blitt mer stolte av Ulstein .....                         | 123 |
| 5.4   | Tolga i Hedmark .....   | 124 |
| 5.4.1 | Satsinger i forlengelsen av Tettstedsprogrammet .....             | 124 |
| 5.4.2 | Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsmåtar .....                | 126 |
| 5.4.3 | Fylkeskommunen som støttespiller .....                            | 127 |
| 5.4.4 | Utfordringer etter programslutt .....                             | 127 |
| 5.4.5 | Uenighet og ulike syn på skulpturparken .....                     | 129 |
| 5.4.6 | Det er blitt mer stolthet og tro på framtida i befolkningen ..... | 130 |
| 5.5   | Steinkjer i Nord-Trøndelag .....                                  | 130 |
| 5.5.1 | Satsinger i forlengelsen av Tettstedsprogrammet .....             | 131 |
| 5.5.2 | Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsformer .....               | 133 |



---

|       |  |     |
|-------|--|-----|
| 5.5.3 | Tiltak rettet mot ungdom og kvinner.....   | 134 |
| 5.5.4 | Miljøtiltak .....  | 134 |
| 5.5.5 | Samarbeid med næringslivet.....  | 135 |
| 5.5.6 | God bistand fra fylkeskommunen – mer<br>kritiske til nasjonale myndigheter ..... | 135 |
| 5.5.7 | Uenighet og interessekonflikter .....  | 136 |
| 5.5.8 | Ufordringer .....  | 136 |
| 5.5.9 | Folk er blitt mer stolte av Steinkjer .....                                      | 137 |
| 5.6   | Langtidseffekter av Tettstedsprogrammet .....                                    | 138 |
| 5.6.1 | Lokale partnerskap.....  | 139 |
| 5.6.2 | Ulike interesser og vurderinger .....  | 140 |
| 5.7   | Hva skal til for å lykkes i stedsutviklingsprosesser? .                          | 141 |
| 5.8   | Er stedene blitt mer attraktive? .....   | 143 |
| 5.9   | Erfaringer og effekter av programmet.....  | 144 |
| 6     | Langtidseffektar av dei to programma – kva viser<br>igjen i dag? .....           | 147 |
| 6.1   | Samfunnseffektar .....   | 148 |
| 6.1.1 | Befolkningas oppfatning av staden .....  | 149 |
| 6.1.2 | Attraktive kommunar?.....  | 149 |
| 6.1.3 | Befolkningsutvikling.....  | 151 |
| 6.2   | Langsiktige effektar.....  | 153 |
| 6.2.1 | Nye satsingar.....   | 153 |
| 6.2.2 | Kompetanse.....  | 154 |
| 6.2.3 | Utfordringar med utviklingsarbeid .....  | 155 |
| 6.2.4 | Interkommunalt samarbeid .....   | 157 |
| 6.2.5 | Fylkeskommunen som støttespelar .....  | 157 |
| 6.3   | Læring.....  | 158 |
|       | Litteratur .....   | 160 |

## Tabelloversikt

|            |   |    |
|------------|---|----|
| Tabell 1.1 | Kommunane som deltok i Utkant- og Tettstadprogrammet .....  | 41 |
| Tabell 2.1 | Fordeling på bofaste, tilbakeflyttere og fraflyttede blant de som vokste opp i kommunen. Antall tilflyttere og videreflyttere i forhold til kullstørrelsene på 15-årstrinnet. Resultat av flytteprosessen gjennom 25-årsfasen i første del av voksenlivet *. Vågå. ....   | 52 |
| Tabell 2.2 | Årskull født 1955-59 og 1965-69 fulgt fra de var 15 til 40 år i to overlappende perioder. Fordeling på bofaste, tilbakeflyttere og fraflyttede blant de som vokste opp i kommunen. Antall tilflyttere og videreflyttere i forhold til kullstørrelsene på 15-årstrinnet. Resultat av flytteprosessen gjennom 25-årsfasen i første del av voksenlivet *. Askvoll..... | 54 |
| Tabell 2.3 | Årskull født 1955-59 og 1965-69 fulgt fra de var 15 til 40 år i to overlappende perioder. Fordeling på bofaste, tilbakeflyttere og fraflyttede blant de som vokste opp i kommunen. Antall tilflyttere og videreflyttere i forhold til kullstørrelsene på 15-årstrinnet. Resultat av flytteprosessen gjennom 25-årsfasen i første del av voksenlivet *. Gamvik.....  | 57 |
| Tabell 2.4 | Årskull født 1955-59 og 1965-69 fulgt fra de var 15 til 40 år i to overlappende perioder. Fordeling på bofaste, tilbakeflyttere og fraflyttede blant de som vokste opp i kommunen. Antall tilflyttere og videreflyttere i forhold til kullstørrelsene på 15-årstrinnet. Resultat av flytteprosessen gjennom 25-årsfasen i første del av voksenlivet *. Tolga.....   | 60 |
| Tabell 2.5 | Årskull født 1955-59 og 1965-69 fulgt fra de var 15 til 40 år i to overlappende perioder. Fordeling på  |    |

|            |   |     |
|------------|---|-----|
|            | bofaste, tilbakeflyttere og fraflyttede blant de som vokste opp i kommunen. Antall tilflyttere og videreflyttere i forhold til kullstørrelsene på 15-årstrinnet. Resultat av flytteprosessen gjennom 25-årsfasen i første del av voksenlivet *. Ulstein. ....   | 63  |
| Tabell 2.6 | Årskull født 1955-59 og 1965-69 fulgt fra de var 15 til 40 år i to overlappende perioder. Fordeling på bofaste, tilbakeflyttere og fraflyttede blant de som vokste opp i kommunen. Antall tilflyttere og videreflyttere i forhold til kullstørrelsene på 15-årstrinnet. Resultat av flytteprosessen gjennom 25-årsfasen i første del av voksenlivet *. Steinkjer..... | 65  |
| Tabell 2.7 | Årskull født 1955-59 og 1965-69 fulgt fra de var 15 til 40 år i to overlappende perioder. Fordeling på bofaste, tilbakeflyttere og fraflyttede blant de som vokste opp i kommunen. Antall tilflyttere og videreflyttere i forhold til kullstørrelsene på 15-årstrinnet. Resultat av flytteprosessen gjennom 25-årsfasen i første del av voksenlivet *. Vefsn.....     | 68  |
| Tabell 5.1 | Aldersstruktur for kommunene i Tettstedsprogrammet 1.1.2011. Indeks i forhold til innslaget på landsnivå (=100).....  | 109 |
| Tabell 5.2 | Befolkningsutvikling i tettsteder 2001-2011. Absolutte tall og prosent.....   | 110 |

## Figuroversikt

|            |   |    |
|------------|---|----|
| Figur 3.1  | Andelen KI-arbeidsplasser innen kommunene i de to programmene og resten av Norge 1998-2009. Prosent. .... | 73 |
| Figur 3.2  | Inndeling av funksjonelle regioner (BA-regioner) etter størrelse. ....                                    | 74 |
| Figur 3.3  | Andelen KI-arbeidsplasser i kommuner i BA-regionene "Småbyregioner" 1998-2009. Prosent. ....              | 75 |
| Figur 3.4  | Andelen KI-arbeidsplasser i kommuner i BA-regionene "Tettstedsregioner" 1998-2009. Prosent. ....          | 76 |
| Figur 3.5  | Andelen KI-arbeidsplasser i kommuner i BA-regionene "Spredtboddregioner" 1998-2009. Prosent. ....         | 77 |
| Figur 3.6  | Sysselsatte etter næringskategori, hele landet. 1998-2010. Absolutte tall. ....                           | 78 |
| Figur 3.7  | Sysselsatte etter næringskategori, Gamvik. 1998-2010. Absolutte tall. ....                                | 79 |
| Figur 3.8  | Sysselsatte etter næringskategori, Askvoll. 1998-2010. Absolutte tall. ....                               | 80 |
| Figur 3.9  | Sysselsatte etter næringskategori, Vågå. 1998-2010. Absolutte tall. ....                                  | 81 |
| Figur 3.10 | Sysselsatte etter næringskategori, Tolga. 1998-2010. Absolutte tall. ....                                 | 82 |
| Figur 3.11 | Sysselsatte etter næringskategori, Ulstein. 1998-2010. Absolutte tall. ....                               | 83 |
| Figur 3.12 | Sysselsatte etter næringskategori, Steinkjer. 1998-2010. Absolutte tall. ....                             | 84 |
| Figur 3.13 | Sysselsatte etter næringskategori, Vefsn. 1989-2010. Absolutte tall. ....                                 | 85 |
| Figur 4.1  | Folketalsutviklinga i Gamvik, Askvoll og Vågå frå 1997 til 1.1. 2011. Kjelde: SSB. ....                   | 87 |

|           |  |     |
|-----------|--|-----|
| Figur 4.2 | Aldersstruktur for kommunane i Utkantprogrammet<br>1.1.2011. Indeks i forhold til innslaget på landsnivå<br>(=100). .....      | 88  |
| Figur 5.1 | Folketallsutvikling i Vefsn, Steinkjer, Ulstein og<br>Tolga i årene frå og med 2001 og fram til<br>1.1. 2011. Kjelde: SSB..... | 108 |

---

# Samandrag

*Sigrid Skålnes, Frants Gundersen, Ragnbild Skogheim og Kjetil Sørli*

## **Langtidseffektar av nasjonale utviklingsprogram**

NIBR-rapport: 2011:17

I tidsrommet 1997 til 2005 gjennomførte Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) og Miljøverndepartementet (MD) to utviklingsprogram; Utkantprogrammet og Tettstadprogrammet ”Miljøvennlige og attraktive tettstader i distrikta”.

Utkantprogrammet gjekk føre seg i perioden 1997-2001, og Tettstadprogrammet i perioden 2001-2005.

Utkantprogrammet var retta mot kommunar med stor nedgang i folketalet. Kommunane Gamvik, Dyrøy, Tjeldsund, Vågå, Engerdal, Utsira, Askvoll var med i programmet, i tillegg til regionen Indre Namdal med kommunane Grong, Høylandet, Snåsa, Lierne, Namsskogan og Røyrvik. Utkantprogrammet introduserte nye mål i regionalpolitikken, som at utkantkommunane skulle bli betre i stand til å påverka og ta ansvar for ein situasjon med langvarig nedgang i folketalet. Samstundes skulle fylkeskommunen og staten bli dyktigare medspelarar for kommunane.

Tettstadprogrammet vart finansiert av MD og KRD i fellesskap. I alt 16 kommunar deltok i programmet: Hadsel, Gildeskål, Vefsn, Hattfjelldal, Flatanger, Vikna, Steinkjer, Grong, Tingvoll, Haram Rauma, Ulstein, Tolga, Grue, Åmot og Elverum. Programmet sitt hovudmål var å medverka til å utvikla meir miljøvennlige og attraktive tettstader som bustad for nye generasjonar. Programmet skulle stimulera kommunane til å gjennomføra konkrete prosjekt for god stadutvikling, og det skulle leggjast vekt på brei mobilisering. I løpet av den femårige programperioden skulle programmet også gje resultat i form av fysiske betringar, organisatoriske tiltak og iverksetja prosjekt.

NIBR-rapport: 2011:17

Begge programma vart følgd av evaluatarar undervegs, og fleire evalueringsrapportar er presenterte frå begge to programma. Denne føreliggande evalueringa omhandlar begge programma, og har som mål å studera langsiktige samfunnseffektar av pilotprosjekta, studera langsiktige effektar av kommunane sitt arbeid med stadutvikling og lokal samfunnsutvikling, og gje innspel til læring gjennom å framskaffa erfaringar frå arbeidsprosessar, strategiar og tiltak som har gitt positive langsiktige effektar. Eit viktig spørsmål i rapporten er kva som skjer når kommunane ikkje lenger er ein del av eit nasjonalt program? Korleis har erfaringane frå programmet blitt ivaretatt i kommunen, og kva har det på lengre sikt betydd å delta i programma?

Denne evalueringa er avgrensa i omfang, sju av deltakarkommunane i programma blir studerte; tre kommunar frå Utkantprogrammet og fire frå Tettstadprogrammet.

I arbeidet med å finna fram til langtidseffektar av dei to programma blir ulike framgangsmåtar og metodar brukte. Livsløpsanalyse er brukt for å studera det varige eller mest vedvarande resultatet for busetting og flytting. Metoden består i å følgja eit eller fleire årskull gjennom utvalde faser av livet. Ved å følgja alle som vaks opp i ein kommune eller region frå dei er 15 til 40 år, blir det meste av ungdoms- og etableringsflyttingane fanga opp. Dei fleste er etablerte med arbeid, bustad og er i ein familiesituasjon når dei er 40 år, og kvinnene har på det nærmaste fått alle sine barn. Busetjing i kommunen er resultatet av alle desse individuelle tilpassingane og prosessane. Analyse av dei ulike gruppene etter oppvekstbakgrunn og flytting kan sjåast i lys av utvalde sosioøkonomiske faktorar. Her har me vald å sjå busetjing og flytting i sammenheng med utdanningsnivå. Hovedidéen i denne analysen er å sjå på forskjellane i bufasthet, ulike typar flytting og utdanning etter flytting frå første til siste femårskull. Slike endringar kan ikkje tolkast som resultat av programma direkte. Men dei er forma under vilkår påverka av programma. I nokre kommunar finn me betring, i andre ikkje. Endringane bør likevel tolkast i lys av andre meir generelle utviklingstrekk.

I tillegg er det gjennomført ein survey til eit utval av ulike organisasjonar og politiske parti i deltakarkommunane. Surveyen er ikkje ei gjentakning av surveyar gjennomført i løpet av

programperiodane, ressursramma muliggjorde ikkje eit omfattande opplegg, og spørjeundersøkinga måtte avgrensast til dei som kunne nåast med hjelp av epostadresser. I tillegg til dette er det brukt relevant skriftleg materiale, og det er gjennomført ei rekkje intervju med relevante aktørar i alle sju kommunane. Desse intervju gjev viktig kunnskap om tida etter programslett, kva som blir sett på som effektar av programma, og korleis desse blir vurderte.

Verknadene frå ein politisk innsats eller eit program, kan ofte vera vanskeleg å skilja frå andre effektar, og det kan vera umogeleg å seia kva som ville skjedd om ikkje programmet hadde vorte sett i gang. Utviklingsprogram som dei me her studerer er ikkje kontrollerte eksperiment som føregår i eit laboratorium, men ute i samfunnet. Kommunen er ikkje berre utsett for eitt tiltak, utviklingsprogrammet, men blir og påverka av mange andre forhold, som kan både styrka eller svekka det som utviklingsprogrammet var meint å få til. Kva som er programmets addisjonalitet er såleis vanskeleg å fastslå. Det er også vanskeleg å seia kva resultatet ville blitt utan innsats, det vil seia korleis det hadde gått med kommunen utan programdeltaking, fordi me ikkje kjenner det kontrafaktiske alternativet.

I dette arbeidet er det brukt registerdata, survey og informant-intervju til å anslå effektane av programma. Fleire år etter programslett kan det vera vanskeleg å seia at effektane me ser i samfunnet; det vil seia i kommunen eller på staden, er effektar berre frå programmet. Andre innsatsar kan ha medverka til effektane, anten ved å forsterka dei eller ved å svekka dei. Slik vil det alltid vera usikkerhet knytt til det å slå fast at akkurat eit bestemt tiltak førte til effektane ein ser i ettertid. Langtidseffektane me finn frå desse to programma er ikkje nødvendigvis effektar berre frå programinnsatsen åleine, men dei viser korleis slike innsatsar kan samverka med andre tiltak og kva effektar slike utviklingsprogram kan føra til. I evalueringsoppdraget vart det spurt om effektar på to hovudområde, og det blei spurt etter innspel til læring frå programmet. I det følgjande vil me omtala dette.

### **Samfunnseffektar**

Det er dei langsiktige samfunnseffektane som blir etterspurt her; slik som mellom anna folks oppleving av attraktivitet ved staden, mulighet for medverknad, mulighet for å påverka samfunns-



utviklinga og effektar på befolkningsutvikling og flytting, næringsutvikling og etablering.

### **Attraktivitet og medverknad**

Å gjera kommunen meir attraktiv for gamle, og særleg nye, innbyggjarar var ein av målsetjingane for programsatsingane. Særleg var dette ei målsetjing i Tettstadprogrammet, som hadde som ei målsetjing å bidra til å utvikla meir miljøvennlege og attraktive tettstader i distrikta som bustad for nye generasjonar. Innsatsen var meint å påverka tilflytting til tettstadane, og særleg kvinner og ungdom var viktige å nå. Men også i Utkantprogrammet vart det gjennomført fleire tiltak som var retta mot å gjera kommunane meir attraktive, og med det også skapa større interesse for og lyst til å bli buande i kommunen.

Tiltaka for å gjera kommunane meir attraktive har i første rekkje vore fysiske og estetiske tiltak retta mot å gjera for eksempel sentrumsområde meir attraktive å opphalda seg i, og her er det særleg tettstadkommunane som har vore aktive, ved å rusta opp sentrum og gjennomføra synlege resultat. Det er mange av deltakarkommunane som kan visa til nyskapingar på dette området. Nye møtestader, parkar, turvegar og vakrere omgivelser i sentrum er med på å gjera senteret meir attraktivt og bruksvennleg. Sentrum blir slik brukt meir enn før, og brukt på andre måtar enn før, det blir lagt fleire arrangement til sentrumsområda og folk opplever sentrum som hyggelegare og meir attraktivt enn tidlegare. Her ser me likevel store forskjellar mellom kommunane, der dei største kommunane er dei som har klart å utvikla eit sentrumsområde som er levande både på dag- og kveldstid. Dei mindre stadane har ikkje klart dette, og må bruka andre utgangspunkt enn sentrum for å presentera kommunen som attraktiv.

Arbeidet med å gjera kommunane meir attraktive er ikkje berre knytta til fysisk og estetisk opprusting av sentrumsområda i kommunane, men også til å profilera kommunen tydelegare enn før, ved å velja korleis ein presenterer seg sjølv og det som er særlege ved kommunen. Profileringsarbeidet har vorte ulikt vektlagt i kommunane, nokon har satsa tydeleg på dette, mens andre ikkje har gripe fatt i det. For å lukkast i konkurransen mellom kommunane, anten det gjeld å tiltrekkja seg nye innbyggjarar eller nye bedrifter, er det viktig å framstå med ein tydeleg profil som kan medverka til at nettopp den aktuelle

kommunen er den som blir den utvalde. Nokre få av kommunane har klart å utvikla ein tydeleg profil, andre arbeider med det, og nokre er framleis usikre på korleis dei skal starta. Dei som har lukkast best i profileringsarbeidet er dei som har klart å gjennomføra ein analyse av kommunen som ser kommunen både utanfrå og innanfrå, og som både kan sjå gode og mindre gode sider ved kommunen, og klara å presentera kommunen som attraktiv med sine spesielle kvalitetar. Spørsmålet er likevel om alle kommunar er ”attraktive”, korleis skal fråflyttingskommunen med eit einseitig næringsliv klara å tiltrekkja seg nye folk og ny aktivitet?

Begge programma la vekt på medverknad frå innbyggjarane, og gjennomføringa av mange av tiltaka som vart sett i gang var avhengig av at innbyggjarane tok del i arbeidet. Dette galdt både lokale utviklingsprosjekt og ulike tiltak for å rusta opp sentrum. Lokal forankring i sivilsamfunnet, næringslivet og ulike lag og organisasjonar har vore viktig for begge programma, og er ikkje minst avgjerande for å vidareføra arbeidet som vart sett i gang i løpet av programperiodane. Eit godt samarbeid mellom kommunen og aktørar i næringslivet og organisasjonslivet er til stor nytte for utviklingsarbeidet, og kommunar med eit aktivt næringsliv og organisasjonsliv vil kunna ha store fordelar av dette.

I begge programma var det ei målsetjing å retta deltiltak særskilt mot kvinner og ungdom, men dette skjedde i liten grad, sjølv om det vart igangsatt kvinnespesifikke tiltak. Dei avgrensa kvinnetiltaka som vart igangsett i nokre av kommunane har ikkje blitt vidareført etter programslutt. Ikkje minst i ettertid av programma har satsinga retta mot ungdomsgrupper vorte oppfatta som viktigare enn spesifikk kvinnesatsing. I samband med profileringsarbeidet som vart starta i løpet av dei to programma, og for fleire kommunar vidareutvikla i ettertid, har det vore viktig å visa at kommunen har noko å tilby ulike aldersgrupper.

Deltakarkommunane har som målsetjing å få utflytta ungdom tilbake etter endt utdanning, og tiltrekkja seg nye innbyggjarar. Kommunane har i større og mindre grad, og med vekslande hell, satsa på å oppretthalda kontakten med utflytta ungdom, og om mogeleg få desse til å flytta heim når dei er ferdig med utdanninga, eller ferdig med storbylivet. Her er ulik erfaring, og det synest som at dei som har satsa målbevisst på ungdomsgrupper som kan tenkja seg ei framtid i heimkommunen, heller enn alle utflytta, er

dei som lukkast best. Ei slik satsing krev kunnskap om ungdomsgruppa, og det krev at kommunen har noko interessant å tilby, for eksempel ein variert arbeidsmarknad. Kva kvalitetar staden bør ha for at ungdom skal trivast, og for å få dei ”heim igjen” etter endt utdanning, bør bli gjenstand for nærare undersøkingar i desse og andre kommunar som treng nye innbyggjarar og tilbakeflyttarar.

Kommunane bør tenkja gjennom ”kven dei vil vera”, og korleis dei skal gå fram for å vera attraktive og interessante både for dei som bur der, besøkjande, og for dei som ønskjer å bu og etablera næringsverksemd der. I dette arbeidet er det viktig å satsa på eige særpreg.

### **Effektar på befolkningsutvikling i deltakarkommunane**

Verken i Utkantprogrammet eller Tettstadprogrammet var folkeauke i kommunane ein eksplisitt målsetjing. Utkantkommunane skulle bli betre i stand til å påverka og ta ansvar for ein situasjon med langvarig nedgang i folketalet. Tettstadprogrammet skulle medverka til å utvikla meir miljøvennlege og attraktive tettstader i distrikta, og med det nå mogelege tilflyttarar og tidlegare busette i kommunane. Implisitt kan dette oppfattast som i alle fall eit ønskje om å stabilisera folketalet.

Korleis folketalet har utvikla seg i deltakarkommunane i etterkant av programma skuldast ikkje åleine programma, sjølv om det kan hevdast at tiltak iverksett i programma har vore med og påverka folketalutviklinga. Her ser me ulike utviklingstrekk. For utkantkommunane – som alle hadde nedgang i åra framføre programdeltakinga – har nedgangen halde fram i ettertid av programmet også. Aldersstrukturen i dei tre kommunane som var med viser aukande aldring. Nedgangen i folketalet har vore betydeleg lågare i Vågå enn i Gamvik og Askvoll. Aldersstrukturen er typisk for dei tre kommunane ved at alle grupper over 50 år er sterkare representert enn på landsbasis, mens alle grupper under 50 år er underrepresentert. Utkantprogrammet har ikkje hindra dette, men me kan likevel ikkje vita korleis det ville gått utan programinnsatsen.

Av kommunane i Tettstadprogrammet skil Ulstein seg ut som ein kommune som klarar å rekruttere unge vaksne. Steinkjer og Vefsn har halda folketalet omlag uendra dei siste 15 åra, og kommunane

har også omlag same aldersstruktur. Denne er litt prega av aldring. Ungdomsinnslaget er litt i overkant av landsnivået. I Tolga er innslaget av småbarnsfamiliar blitt meir å sammenlikna med situasjonen i ein vanleg utkantkommune, men skulebarnsinnslaget er framleis betre. Dette skuldast ikkje nyinnflytting, det skuldast berre den sær gode utviklinga kommunen var inne i før programperioden.

I tettstadkommunane er det tettstaden som står for folkevekst, bortsett frå Ulstein, der det er vekst i heile kommunen. Tettstadvæksten viser seg særleg i Steinkjer, men også i Mosjøen. Om denne folkeauken skuldast Tettstadprogrammet kan me ikkje slå fast ut frå arbeidet vårt, men at tiltaka i programmet har ført til meir attraktive sentrum, stolthet over staden og meir fokus på utvikling av staden kan også ha medført auka interesse for å bu der.

### **Sysselsettingsendringar**

Sysselsettingsutviklinga i perioden 1998-2010 var ulik i dei sju kommunane i programma. Tre av dei; Ulstein, Steinkjer og Vågå har hatt auka sysselsetting i perioden, alle dei andre har hatt nedgang. Ulstein og Gamvik er å finna i kvar sin ende av skalaen, Ulstein med auka sysselsetting særleg innan industrien, men også i dei fleste andre sektorane, Gamvik med nedgang innanfor dei fleste kategoriane og særleg innanfor fiske og fiskeindustri. Både i Vågå og Askvoll er sysselsettingsauken først og fremst kommen innanfor helse- og sosialtenester, men for Askvoll kompenserer ikkje auken for nedgang innan fiskeri. Vågå har også hatt betre utvikling innan handel enn landet elles. Tolga har hatt nedgang i sysselsettingen i perioden, og Vefsn har hatt dårlegare utvikling enn landsgjennomsnittet, men betre enn mange småkommunar.

For tre av kommunane ser utviklinga i næringsstrukturen ut til å vera sterkt påverka av internasjonale konjunkturar. Dei største påverknadsfaktorane for utviklinga i arbeidsplassar ligg slik stort sett utanfor kommunen sin påverknadsmulighet. Dette gjeld fiskeindustrien i Gamvik, Askvoll, og maskinindustri i Ulstein.

Ut frå analysen er det ingen klare teikn på at kommunane som deltok i programma fekk auka talet på kompetanseintensive arbeidsplassar verken under eller i etterkant av programma. Det er slik ingen indikasjon på at dei har utvikla seg betre enn liknande

kommunar elles i landet. Derimot er det teikn på at kommunane i utgangspunktet hadde fleire kompetanseintensive arbeidsplassar enn kommunar det er naturleg å samanlikna med. Dette gjeld særleg utkantskommunane. Men igjen har vi ingen haldepunkt for å vita korleis det ville gått utan programinnsatsen, gitt dei eksterne påvirkningsfaktorane.

### **Langsiktige effektar av stadutvikling og lokal samfunnsutvikling**

Eit av spørsmåla i denne evalueringa er om kommunane som deltok i dei to programma har brukt erfaringane frå dei i sitt ordinære arbeid i etterkant. Har kommunane blitt betre til å driva stadutvikling og lokal samfunnsutvikling, og kva har vore dei kritiske suksessfaktorane for at kommunane evt. har lukkast i å forbetra arbeidet sitt? I det følgjande ser me på dette spørsmålet ut frå ulike tema; nye satsingar, kompetanse og arbeidsprosessar, organisering og samarbeid, interkommunalt samarbeid og fylkeskommunen som støttespelar.

### **Nye satsingar i forlenging av programma?**

Det er store forskjeller mellom kommunane når det er snakk om vidareføring eller etablering av nye satsingar i forlenging av programma. Tettstadprogrammet vart avslutta for fem år sidan, og her er kommunane meir opptekne av å avslutta tiltak som vart sett i gang i løpet av programperioden, enn å etablere nye satsingar. Det synest å vera for tidleg for det enno. For Utkantprogrammet stiller det seg annleis, her har programsatsingane blitt avslutta, og kommunane har hatt tid på seg til å etablere eller arbeida med å etablere nye satsingar. Det er likevel lite av dette, med eitt klart unnatak: Ein kommune arbeider med eit skuleprosjekt og har store planar om at det skal omfatta heile kommunen. At kommunane ikkje har etablert nye satsingar kan først og fremst forklarast med at dei ikkje har hatt tid og ressursar til å driva utviklingsarbeid, men har måtta bruka ressursane til å ta seg av utfordringar og problem som har oppstått, og som ikkje kan tilskrivast programdeltakinga.

Tankegangen om at programdeltakinga skulle føra til nye satsingar i naturleg forlenging av programma føreset at kommunane både såg behov for og hadde ressursar – i form av tid og økonomi - til nye satsingar i etterkant av programavslutninga. Deler av tiltaka som blei etablerte i løpet av programperioden blei videreført, til

dømes miljøretta tiltak som vart etablerte i fleire av kommunane, både i form av konkrete, fysiske tiltak og vektlegging av klima- og miljøplanar i kommunane.

Det er likevel få eksempel på vidareføring i form av større prosjekt, eksempelet som finst er planar om eit større utviklingsprosjekt for skulen i ein av kommunane. Eksempelet fortel både om satsing på å utvikla ulike sider ved kommunen for å gjera den attraktiv for befolkninga, og det fortel om at det tek tid å etablere nye prosjekt. Større prosjekt krev politisk og administrativ innsats, samarbeid mellom ulike aktørar i og utanfor kommunen, og det krev ressursar. Alt dette tek tid, og det er grunn til å forventa at langsiktige effektar frå i alle fall Tettstadprogrammet enno ikkje er synlege i deltakarkommunane, til det er det for kort tid sidan programmet vart avslutta.

Når ikkje alle kommunane har lukkast med å vidareføra programdeltakinga gjennom å etablere nye satsingar i forlenging av programmet, så har det først og fremst å gjera med forhold utanfor programmet. Programma vart gjennomførte i den kommunale kvardagen, men med ekstra søkelys på utviklingsarbeid, og med ekstra ressursar til å gjennomføra tiltak. Når programma var slutt, vart stort sett også ekstraressursane borte, og kommunane har måtta redusere eller ta bort det som var av ekstrainsats. Det som likevel har vore mest avgjerande for nokre av kommunane er at andre oppgåver har sett utviklingsspørsmåla på sidelina. Konkursar i næringslivet, politisk usemje om nedlegging av skulekrinsar, fråflytting og rettsaker har tatt fokus og ressursar bort frå vidareføring av programmet i nokre av kommunane. Ingenting av dette har med programmet å gjera, men det viser utfordringane og ”konkurrentane” utviklingsoppgåvene har i forhold til det daglege arbeidet i kommunen.

### **Kompetanse og arbeidsprosessar**

Ny kompetanse og nye måtar å arbeida på pregar programkommunane, og er effektar som blir vidareført frå programdeltakinga. Kompetansen omfattar blant anna fysisk planlegging og gjennomføring, prosesskompetanse og kompetanse til å driva utviklingsarbeid. Med arbeidsprosessar meinest blant anna ny arbeidsmetodikk, strategiar og tiltak, og om kommunen endra rolla si som utviklingsaktør på grunn av programdeltakinga. Prosesskunnskap og det å arbeida med prosjekt blir framheva som ein viktig lærdom

i begge programma, også for bruk i andre samanhengar i etterkant av programma. Kunnskapen deltakarane fekk om dette gjennom programma blir oppfatta som nyttig og viktig også for arbeidet i dag, det gjeld både prosesskunnskap, metodar for medverknig og involvering av befolkning og samarbeidsmetodar. Ein viktig lærdom som sit igjen er det som går på kvalitet; at arbeidsprosessane må gjennomførast skikkeleg eller at tiltaket som blir rusta opp må gjerast på ein kvalitetsmessig god måte.

Samarbeid på tvers av kommunale sektorar er også som ei viktig lærdom frå programdeltakinga, som kan nyttiggjerast i framtidige prosjekt. Å dra ulike aktørar med i arbeidet stod sentralt i begge programma, programma føresette innsats frå ulikt hald og ulike grupper. Det føreset mellom anna at det finst eldsjeler og andre som kan ta tak i konkrete prosjekt, gjennomføra dugnadsarbeid og anna.

Ulike aktører i kommunane kan ha ulike meiningar om tettstadutvikling. Det som måtte vera av motsetningar i dei fire casekommunane blir gjennomgåande omtalt i nøytrale og generelle vendingar, sjølv om det finst unnatak. Medverknad i stadutviklingsprosessar fører ikkje nødvendigvis til at folk blir samde, men kanskje til større aksept for vedtaka som blir fatta, enn om ein ikkje blir tatt med på råd. Ei vanleg motsetjing går mellom dei som ønskjer å tilretteleggja for bilfrie område og dei som ser viktigheten av å kunne kjøra til, og parkera nær sentrum.

### **Organisatoriske rammer**

Spørsmålet her er om programma har påverka organisering og samarbeid om utviklingsprosjekt vidare? Kva suksesskriterer kjenneteiknar kommunar som har oppnådd langsiktige, positive effektar, og kva barrierer har dei stått ovanfor?

Eit klart og langsiktig engasjement i forhold til utviklingsoppgåvene i kommunen framstår som ein nødvendighet for at arbeidet med å utvikla kommunen skal bli vellukka. Engasjementet må forankrast i heile kommuneorganisasjonen, både på politisk og administrativ side. Kommunane som makta det i løpet av programperioden er også dei som i dag kan visa til best resultat, og då spesielt i forhold til endringar som ser ut til å ha varige verknader. Forankring av strategi og arbeidsmåtar krev ei viss grad av stabilitet, både på politisk og administrativ side, nettopp fordi

utviklingsarbeid tek tid, og det tek tid å forankra nye arbeidsmåtar og nye strategiar. Men det er ikkje tilstrekkeleg at politisk og administrativ leiing er stabil, dei må og vera engasjerte i forhold til utviklingsarbeidet, og evna å ta opp nye tankar og arbeidsmåtar og spreia desse i organisasjonen.

Støy i form av krav om handling og endring av planar er ein av dei store barrierene i forhold til å oppnå langsiktige effektar av programdeltakinga. Å oppnå suksess som samfunnsutviklar er jamnt over eit mangeårig prosjekt, som igjen krev relativt stabile forhold. Ikkje alle kommunane har opplevd stabilitet i etterkant av programmet, men tvert i mot uro i form av uventa hendingar, krav frå omgivelsene og uføresette hendingar. Deltaking i nasjonale utviklingsprogram skjermar ikkje kommunane frå uføresette hendingar, som i verste fall kan medverka til at programdeltakinga må nedprioriterast og at effektane av programmet i ettertid synest begrensa. Nokon av deltakarkommunane opplevde dette, og opplevde at fokus og arbeidsinnsats måtte flyttast til andre utfordringar enn utviklingsoppgåver.

Å vera fokusert og tydeleg er viktig i utviklingsarbeidet. Kommunen må profilera seg tydeleg og visa kven ein er, og kva ein har å tilby. Ikkje minst er dette viktig i forhold til å få gode samarbeidspartnarar, eller å tiltrekkja seg nye innbyggjarar. Kommunen må satsa bevisst på kva type næringsliv og kva grupper av potensielle tilflyttarar dei ønskjer seg, og visa at dei kan tilby i alle fall noko av det desse gruppene er på utkikk etter. Å tiltrekkja seg nye aktørar, anten det er næringsaktørar eller innbyggjarar, er å delta i konkurranse med andre kommunar, ein konkurranse der ikkje alle kan bli vinnarar. Profileringsarbeidet som viser best resultat er der ein har trekt inn aktørar utanfrå, folk som ser kommunen – på godt og vondt – utanfrå, og som kan supplera blikket kommunen har på seg sjølv, og gjerne utfordra gamle forestillingar om kva som er godt og dårleg i kommunen. Å trekkja inn folk utanfrå krev eit nettverk ein kan byggja på, og det krev at kommunen tek den utfordringa det er å gjennomgå ein slik analyse. Nokre av kommunane har gått gjennom denne prosessen, og har gjennomført eit vellukka profileringsarbeid.

Utviklingsarbeid kan vera å ta tak i noko som er der, fokusera på dette og forsterka innsatsen på ein tydeleg og klar måte. Slik var til dømes stadutviklingsarbeidet ein saumlaus overgang frå det som



var og til det som vart forsterka gjennom programdeltakinga, mange kommunar var på ulike måtar i gang med stadutviklingsarbeid i mindre omfang, og programmet gav rom for meir omfattande og heilskapleg satsing.

Å forankra utviklingsarbeidet politisk, administrativt og i sivilsamfunnet er eit godt utgangspunkt for å lukkast med arbeidet. Engasjement, involvering og bevisstgjerung er ord som går igjen når informantane fortel om utviklingsprogramma. Det inneber å engasjera og innvolvera alt frå næringsaktørar til ungdom og andre grupper som er viktige å ha med i slike prosessar, og auka bevisstheten om kva som er kvalitetar og muligheter i kommunen, og kva som eventuelt bør endrast på. Utvikling av eit attraktivt sentrum med "urbane" kvalitetar kan vere eit godt utgangspunkt for å lukkast i større kommunar, men alle vil ikkje lukkast på denne måten. For mindre kommunar viser erfaringane frå programma at det kan vera vel så viktig å satsa på det spesifikke ved bygda og for eksempel friluftstilboda kommunen kan tilby.

### **Interkommunalt samarbeid**

Det er fleire eksempel på at kommunane her deltek i interkommunalt samarbeid, ikkje minst dei små kommunane som på nokre område er avhengig av å samarbeida med ein eller fleire av nabokommunane. Men det er færre eksempel på at programdeltakinga førte til interkommunalt samarbeid, sjølv om det finst. Eksempla på det er både innanfor næringsutvikling, særleg reiselivssatsing, men og innanfor kulturarbeid.

Utviklingsprogramma la opp til at kommunane skulle følgja ein konkurransestrategi med omsyn til utviklingsarbeidet, der det gjeld å framstå som den beste, det vil seia betre enn nabokommunen, når det gjeld attraktivitet, anten det gjeld næringsetablering eller å få nye tilflyttarar til kommunen. Det er eit dilemma med ein slik strategi i forhold til interkommunalt samarbeid, og det er at når ein satsar på å bli vinnar så er det ikkje alltid lurt å samarbeida med andre. Kommunane erkjenner at det kan vera slikt i blant, men at ein likevel prøver å samarbeida med andre, men først og fremst der begge eller alle partar kan ha nytte av samarbeidet.

### **Fylkeskommunen som støttespelar**

Fylkeskommunen er ein viktig aktør for kommunane når det gjeld regionalt utviklingsarbeid og stadutvikling. Særleg i

Tettstadprogrammet, som hadde eigen fylkeskommunal koordinator, spela fylkeskommunen ei viktig rolle når det gjeld fagleg bistand og oppfølging både i perogramperioden og i ettertid, sjølv om oppfølginga var tettast medan programmet gjekk føre seg. Erfaringane viser også at det er viktig med tett og kontinuerleg oppfølging, og at det er ein stor fordel med kontinuitet i desse posisjonane. Også i dag er fylkeskommunen ein viktig støttespelar når det gjeld utviklingsarbeid i kommunane, både fagleg og på andre måtar. Fylkeskommunen kjenner kommunane, og sit ofte med faglege ressursar som kan støtta opp om arbeidet i kommunane. Samstundes har kommunane store forventningar til fylkeskommunen, også i form av regionale midlar, forventningar som ikkje alltid kan oppfyllest.

Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet var også viktige faglege støttespelarar. Det var også Miljøverndepartementet for kommunane i Tettstadprogrammet, og kontakten med departementet har vore nyttig for fleire av kommunane også i ettertid.

### **Lærdom frå programma**

Dei sju kommunane er ulike og har drive utviklingsarbeid på ulike måter, men noko er likevel felles, og det mest slående frå begge programma er at utviklingsarbeid tek tid. Det krev og innsats frå mange hald samstundes, og det er viktig at ulike deler av kommunen arbeider i same retning. Dei som lukkast best i programgjennomføringa, og i ettertid, gjorde omfattande og tydeleg innsats sjølv, var i eit nettverk som støtta opp om innsatsen, hadde hjelp frå ulike hald. Dei var heller ikkje utsett for hendingar som motverka innsatsen, slik som til dømes konkursar i næringslivet eller interne politiske stridar som tok oppmerksomhet og ressursar bort frå utviklingsarbeidet. Slike hendingar kan kommunen berre delvis gjera noko med, og i nokre tilfelle ikkje i det heile, sjølv om dei kan vera heller øydeleggjande for kommunen sine målsetjingar. Programinnsats kan ikkje alltid vera upåverka av andre hendingar, og slike hendingar kan redusera sjølv god innsats på anna hald.

Godt arbeid og god innsats, og vektlegging av å gjera det ein gjer på ein bra måte er ein viktig erfaring frå begge programma. Utviklingsarbeid kan ikkje vera halvveges, det krev full innsats og konsentrasjon, og det som blir gjort må gjerast skikkeleg. Det er

ein lærdom frå programma, anten det gjeld tiltak for å endra sentrum fysisk eller det gjeld tiltak for å utvikla nye tilbod eller profilera kommunen tydelegare. Erfaringane viser også at endring tek tid, og ein fireårsperiode er ikkje alltid lang nok til å visa alle resultatata frå innsatsen. I slike situasjonar er det viktig å kunna visa til resultat undervegs, ikkje minst for å halda motivasjonen oppe. Kontinuitet i arbeidet, fokus på kvalitet og det å ha dei rette personane til å leia arbeidet er avgjerande for gode resultat.

Erfaringane frå programma viser at endring og utvikling inneber å finna fram til det spesifikke ved eigen kommunen, og gripa fatt i det som kan endrast i positiv retning. Kommunane som har lukkast best i utviklingsarbeidet sitt er nettopp dei som best har klart å utforma ein tydeleg og klar profil for kommunen, der det er lett å peika på kva som er kvalitetane ved kommunen. Ei slik analyse krev at kommunen blir sett på frå ulikt hald, både innanfrå og utanfrå. Spørsmålet som likevel står att er om ein kvar utkant- eller tettstadkommune vil stå igjen med ein attraktiv profil, og om det ein har å tilby er nok til å halda på eller tiltrekkja seg nye innbyggjarar.

---

# Summary

*Sigrid Skålnes, Frants Gundersen, Ragnbild Skogheim and Kjetil Sørli*

## **Long-term effects of national development programmes**

NIBR Report 2011:17

Between 1997 and 2005, the Ministry of Local Government and Regional Development (KRD) and Ministry of the Environment (MD) implemented two development programmes, the Rural Community Development Programme (*Utkantprogrammet*) and Environmentally Friendly and Attractive Urban Area Programme (*Miljøvennlige og attraktive tettsteder i distrikta*). The rural community development programme ran for four years, 1997–2001, as did the attractive urban area programme, 2001–2005.

The rural community development programme targeted rapidly depopulating municipalities. The municipalities of Dyrøy, Tjeldsund, Vågå, Engerdal, Utsira and Askvoll took part in the programme, in addition to Grong, Høylandet, Snåsa, Lierne, Namsskogan and Røyrvik, located in Indre Namdal. The rural community programme came with new policies and objectives, including measures enabling rural municipalities to act in relation to and take responsibility for a persistent trend of depopulation. The programme also aimed at making county and state authorities better partners in this work for local authorities.

The attractive urban area programme was funded by the two named ministries. In all, sixteen municipalities participated in the programme: Hadsel, Gildeskål, Vefsn, Hattfjelldal, Flatanger, Vikna, Steinkjer, Grong, Tingvoll, Haram Rauma, Ulstein, Tolga, Grue, Åmot and Elverum. The programme's principal objective was to help urban areas in rural settings become more environmentally friendly and attractive to new generations of inhabitants. It was also meant to get local authorities to initiate projects promoting growth. Local authorities were also urged to

ensure broad community participation in the effort. The programme was expected over its five-year lifetime to facilitate improvements in the physical layout of the community, generate organisational change and initiate projects.

Both programmes were monitored by evaluators, who produced several interim reports detailing progress in both. The present evaluation, which looks at both programmes, studies the longer-term community impact of the pilot schemes, it studies the long-term effects of municipal efforts to promote place and community development, and it provides ideas for learning by collating experiences of working methods, strategies and projects with long-term, positive effects. One important question in the report is what happens when the municipalities are no longer party to a national programme. What was done to ensure that lessons learned during the programmes were integrated afterwards, and what did it mean to take part in the programmes?

This evaluation is limited in scope. Seven of the participating municipalities were studied: three attached to the rural community development programme and four to the attractive urban area programme.

Askvoll har hatt omfattande utskifting i politisk og administrativ leiing i etterkant av programslutt. Kommunen skifta politisk leiing - parti og ordførar – i 2003, og har skifta rådmann fleire gonger etter at rådmannen frå programperioden gjekk av med pensjon i 2007. Noverande ordførar stiller ikkje til val hausten 2011. Fleire som var sentrale i Utkantprogrammet i kommunen slutta i sine stillingar. Og ikkje minst har kommuneøkonomien vore ei utfordring.

Det har tatt mykje tid og møye å halda kommuneøkonomien i sjakk, og me har heldigvis klart å styra unna det åket det er å vera på Robek-lista. No har me fått omstillingsstatus, tilsett prosjektleiar og arbeidet er i gang. Der fokuserer me først og fremst på arbeidsplassar og næringsutvikling. Men det blir nok rom for å ta opp tråden frå utkantssatsinga med bygdemobilisering også (intervju med ordføraren 11. mai 2011).

Omstillingsarbeidet no fokuserer på småbedriftene i kommunen, næringsutvikling og det å skapa nye arbeidsplasser. Når det gjeld bygdemobilisering så ser kommunen mulighetar til å ta opp trådane frå Utkantprogrammet, utan at det er gjort noko spesielt med dette enno. Det har tatt ei tid frå kommunen fekk omstillingsstatus til den kom i gang med arbeidet, og kommunen har fått kritikk for å vera for dårleg til å driva omstillingsarbeid (intervju 31. mars 2011).

På Atløy er det ingen spesiell oppfølging av Utkantprogrammet på øya, og usikkerhet om kva det blir etter at omstillingsprogrammet i kommunen kjem i gang.

---

<sup>15</sup> Sjå mellom anna Firda 28.1.2011.

Det er jo ikkje råd å styra kor lenge folk deltek i ein prosess, eller er tilsett i ein jobb, men det kan opplevast som eit minus at det kjem inn nye folk i kommunen som ikkje har eit forhold til prosjektet. Det gjeld sjølvsagt både på administrativ og politisk side. Utviklingsprosjekt som dette krev full og heil deltaking og engasjement, det er ikkje nok å få utdelt ein status, som til dømes å vera omstillingskommune (intervju prosjektdeltakar 31. mars 2011).

Ungdomssatsinga retta mot internasjonalisering og samarbeid mellom fleire land vart overteke av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og drive i fleire år. I dag er denne satsinga svært avgrensa, og det er ingen planar om spesifikke tiltak.

#### 4.3.2 Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsmåtar

Askvoll kommune gjekk inn i ein periode med store utfordringar, og til dels vesentlege endringar, i åra etter Utkantprogrammet vart avslutta. Det, saman med til dels stor utskifting av folk både innan politisk styring og i administrasjonen har gjort det vanskeleg å oppretthalda og vidareutvikla kompetanse og arbeidsformer frå programdeltakinga. Men denne kompetansen finst likevel igjen somme stader i kommunen, og då først og fremst blant dei som deltok i programmet. Dette gjeld særleg Atløy og dei som medverka i ulike tiltak der, både som enkeltpersonar, gjennom velforeningar og gjennom ulike organisasjonar.

Også når det gjeld ungdomsarbeid ser kommunen resultat av programdeltakinga, både gjennom det internasjonale prosjektet som vart overteke, og seinare nedlagt, av fylkeskommunen og i kommunen, til dømes ungdområdet. Mange av dei som deltok i dette arbeidet opparbeidde seg kompetanse.

#### 4.3.3 Fylkekommunens rolle i lokalt utviklingsarbeid

Askvoll har eit godt samarbeid både med nabokommunar og med fylkeskommunen. Etter mange års planlegging starta arbeidet med Dalsfjordbrua i 2010, og hausten 2013 skal heile anlegget, med bru og tunellar på begge sider av fjorden, stå ferdig. Dette arbeidet har skapt optimisme i kommunen, særleg hos ungdom, og kommunen ser tendensar til tilbakeflytting for denne gruppa.

Gjennom omstillingsprogrammet har kommunen både fylkeskommunen og Innovasjon Norge tett innpå, og opplever dette som positivt. I 2008/2009 søkte kommunen fylkeskommunen om støtte til å gjera ein strategisk utviklingsanalyse, og fekk midlar til dette. 2009 blei brukt til å gjera analysen, og deretter søkte kommunen om støtte til å oppretta utviklingsorganisasjon. Prosessen gjekk seinare enn planlagt blant anna fordi kommunen skifta rådmann i denne perioden. Første april 2011 var prosjektleiaren på plass, og det er frå og med i år at omstillingsarbeidet i kommunen er i gang. Bakgrunnen for å få slik status var todelt; nedgang i folketalet og svak næringsstruktur. Omstillingsarbeidet i kommunen blir ein partnerskap mellom kommunen, organisasjonslivet og næringslivet. Omstillingsorganisasjonen forvaltar det kommunale næringsfondet og omstillingsmidlane frå fylkeskommunen. Innovasjon Norge og fylkeskommunen deltek på alle møta i organisasjonen

#### 4.4 Vågå

Vågå kommune, ligg nord i Gudbrandsdalen. I sluttevalueringa av Utkantprogrammet vart kommunen omtala som ein av dei vellukka. "Vågå og Dyrøy – to suksesshistorier om stedsprofilering" er eit av kapitla i sluttrapporten frå Utkantprogrammet. Felles for desse to kommunane var at dei prøvde å gjere prosjektet "et helhetlig perspektiv som omfatter både den kommunale organiseringa og lokalsamfunnet forøvrig. Begge kommunene har det til felles at lokal politikk og kommunal administrasjon veves inn i hverandre i et tett samspill gjennom prosjektet. Samtidig har målsettingene for de to kommunene vært omtrent sammenfallende. På den ene siden et mål om å trekke til seg næringsliv og skape grunnlag for etablering av nye virksomheter og tilgang på stabil kompetent arbeidskraft. På den andre siden en målsetting om å holde på de som bor i kommunene og trekke til seg nye innflyttere som søker en livsstil og boform som de ikke finner i mer urbane strøk, men som Dyrøy og Vågå har mer enn nok av. Flere av de andre pilotkommunene har også vektlagt profilering og markedsføring som sentrale aktiviteter i sine prosjekter, men det kan seg ut til at der er de to nevnte kommunene i størst grad har



integrert dette i en helhetlig strategisk tenking for kommunen.”  
(Karlsen m. f. 2003:122)<sup>16</sup>.

Sluttrapporten peika også på at det som blei sett på som vesentlege suksessfaktorar for dei to kommunane; kva plass næringslivet fekk i prosjektet, og kva forhold prosjektet hadde til dåverande og potensielt framtidige innbyggjarar.

Vågå kommune var ingen opplagt vinnarkommune på slutten av 1990-talet. Kommunen var i ein vanskeleg situasjon, utløyst av ei sak som nærast førte til bygdestrid og mange negative hendingar for kommunen. Det var på ingen måte gitt at kommunen skulle klara å trekkja i saman for å endra retning. Bygdestrid var ikkje det einaste, kommunen opplevde mange og ulike utfordringar; nedgang i folketalet, lite utvikling av næringslivet og for lite nyskaping i kommunen på fleire felt. Når representantar for kommunen, eller dei som deltok i programmet den gongen, i dag fortel om kva endringar Utkantprogrammet førte med seg er det ei forteljing om eit skifte frå trøyttande bygdestrid, motsetningar og splitting, og til ei tid der politikarane og kommunen trekkjer lasset i lag. Programdeltakinga vart eit vendepunkt.

Me blei med i eit nettverk av andre kommunar som og hadde problem, me fekk god kontakt og støtte frå sentrale styresmakter, me blei sett og opplevde det positive med det. Men me gjennomgjekk og vår eigen interne prosess i kommunen, og den var også svært viktig for at me har komme dit me er i dag (intervju 28. mars 2011).

Vågå si satsing gjennom programmet la opp til ein strategi for marknadsføring mot to grupper; næringsliv som kunne tenkja seg å flytta til kommunen, og mulige nye innflyttarar. I denne marknadsføring var det viktig å profilera kommunen som ein kommune med spesielle tilbod, - for næringslivet galdt det tilbod på kompetent arbeidskraft og for innflyttarar galdt det livsstil og buform. Kommunen trong arbeidsplassar og folk, og tilbaud kompetanse og alternativ livsstil. Vågå sitt prosjekt blei kalla ”Generasjonsskiftet”, ut frå ein tankegang som alt var i gang då

---

<sup>16</sup> Karlsen, James, Hans Kjetil Lysgård, Anne Kirsti Ryntveit, Oluf Langhelle og Jens Kristian Fose: Følgeevaluering av Utkantprogrammet. Sluttrapport. FoU-rapport 3/2003, Agderforskning.

Vågå kom med i Utkantprogrammet (sjå og sluttrapporten), og som vart forsterka gjennom programmet. Symbolikken i dette viser nettopp til eit skifte, frå ein periode med bygdestrid og negativitet til ei tid med felles innsats. Kommunen klarte å profilera seg som ein aktiv kommune, og oppnådde mykje positivt gjennom dei mange – nærare 30 – og til dels omfattande aktivitetane dei hadde med i programmet. Nokre av desse pågår framleis, og arbeidsmåten, saman med fleire av tiltaka som blei utvikla i programperioden er framleis levande i kommunen. Programdeltakinga og ”Generasjonsskiftet” ga grunnlag for ein ny arbeidsmåte, og for korleis kommunen arbeider ti år seinare.

Vågå la særleg vekt på å nå ungdom og unge kvinner. Ein klar fordel kommunen hadde under programdeltakinga var at kommuneøkonomien var relativt grei. Kommunen har heller ikkje hatt problem med kommuneøkonomien seinare, og har ikkje stått på Robek-lista.

#### 4.4.1 Satsingar i forlenging av Utkantprogrammet

Vågå si satsing gjennom deltakinga i Utkantprogrammet var retta både innover og utover, innover særleg mot ungdom og kvinner i kommunen, og utover mot å tiltrekkja seg nye arbeidsplassar. I stor grad lever framleis dei fleste av tiltaka som vart sett i gang i løpet av programdeltakinga.

##### **Profilering og marknadsføring**

Vågå starta eit eige profileringsarbeid under programperioden, med vekt på å auka atkjenningeffekten til Vågåsamfunnet ved å utvikla eit felles profileringsprogram for kommune, reiseliv og næringsliv. Dette arbeidet har vorte utvikla vidare etter programslett, og er framleis viktig for kommunen. Arbeidet internt i kommunen har særleg vore retta mot å påverka haldningane folk har til kommunen, og å driva ”merkevarebygging” av Vågå som ei god stad å veksa opp i. Profileringsarbeidet har også vore retta utover, særleg mot næringslivet, der Vågå har framstått som ein god kommune å etablere seg i.

Å bli ”sett utanfrå” var ein viktig del av utkantprogrammet i Vågå, er framleis det. I programperioden oppretta Vågå to referansegrupper, ei intern og ei ekstern. Den eksterne var samansett av folk frå ulike kompetansemiljø i offentleg og privat sektor for å sjå og

vrdera tiltaka i Vågå sett utanfrå. I tillegg hadde kommunen ei såkalla "Oslogruppe" samansett av kjente aktørar innan kultur- og næringslivet, alle med ein eller annan tilknytning til Vågå, anten offentleg forvaltning, privat næringsliv eller kulturområdet. Dette var ei rådgjevande gruppe, og gruppa eksisterer framleis, til nytte for kommunen.

Me utfordra folk utanfrå til å sjå på oss med sitt blikk, og har sidan programmet årleg samla mellom 20 og 30 personar frå ulike samfunnsposisjonar som brukar ei helg på å utfordra og diskutera oss. Dei gjer det gratis, og me har fått tak i dei ein etter ein (intervju med ordføraren i Vågå 28. mars 2011).

Ordføraren er ein av dei som særleg blir omtalt som dyktig når det gjeld å skapa positive og nyttige nettverk for kommunen, dra folk både innanfor og utanfor kommunen med i arbeidet for å utvikla Vågå, og ikkje minst i å oppretthalda kontakt med og interesse hos dei han har vore i kontakt med.

Vågåseminaret vart etablert under programperioden, og er framleis eit tiltak i kommunen. Programmet blir kalla eit nasjonalt distrikts-politisk seminar med vekt på kultur, næring og samfunnsutvikling. I programperioden veksla Vågå og Dyrøy mellom å arrangera slike seminar. Vågåseminaret samlar hovudsakleg deltakarar som kjem utanfrå kommunen.

Marknadsføringa av kommunen er også retta mot eigen ungdom, ungdom som er flytta ut av kommunen og gjerne er under utdanning. Kommunen har i alle åra etter programmet hatt samlingar fleire gonger i året i Oslo med denne gruppa, og prøver å oppretthalda kontakt med dei som kan tenkja seg å flytta tilbake til kommunen etter avslutta utdanning.

### **Tiltak mot ungdom og kvinner**

Ungdom og kvinner var ei viktig målgruppe for Vågå i løpet av deltakinga i Utkantprogrammet. Fleire ulike tiltak vart sett i gang, og mange av dei har halde fram etterpå. Dette gjeld både kulturtiltak retta mot ungdom, som musikalar og tiltak som ungdomsbustader og aktivitetshus for ungdom. Noko av dette, som ungdomsmusikalen, er eit interkommunalt samarbeid, der kommunane Vågå og Sel deltek. Tiltaket er retta mot ungdom mellom 15 og 25 år, ei gruppe som ofte fell utanfor eksisterande

kulturtilbod. Erfaringane frå samarbeidet om ungdomsmusikalar er gode.

Gjennom Utkantprogramsatsinga arbeidde Vågå også med tiltak retta mot kvinner, det gjaldt både i forhold til arbeidsplassar og i forhold til deltaking i samfunnet. Også denne satsinga har halde fram etter programslett, og kommunen har mellom anna arbeidd med å utvikla attraktive arbeidstilbod både for kvinner og menn.

Det er ein konkurransestrategi me følgjer, me konkurrerer for eksempel med nabokommunen, og det er ikkje nødvendigvis uproblematisk alltid. Når me treng sjukepleiarar og må rekruttera dei utanfrå veit me at dei kan få arbeid i 430 kommunar, så det må vera noko ekstra me skal tilby for at dei vil komma hit. Me har framleis årlege samlingar i Oslo, to – tre gonger i året der me samlar ungdom som kjem frå kommunen. Dei me er interesserte i er dei som ikkje vil bu i Oslo eller nabokommunane der framover, me prøver aldri å rekruttera dei som absolutt vil bu i storbyen, men heller dei som er i Oslo på grunn av utdanning og yrke, men som like gjerne kan få godt arbeid her i kommunen. (Intervju med ordføraren 29. mars 2011).

Satsinga på tilbakeflytting og satsinga på næringsetablering er ein strategi der Vågå konkurrerer med andre kommunar, også nabokommunane. Samtidig prøver kommunen å samarbeida til beste for alle seks kommunane i regionen, og tenkja regionalt både når det gjeld næringssetjing og kultursatsing.

Også når det gjeld deltaking i samfunnslivet har kommunen halde fram satsinga frå programmet, og i kommunen meiner ein at det kan vera med på å forklara kvifor såpass mange kvinner deltek i lokalpolitisk arbeid i kommunen som dei gjer i dag.

### **Kultursatsing**

Satsing på kultur var også ein viktig del av utkantsatsinga i Vågå. Det innebar, og inneber, satsing på kulturskolen og på kulturfeltet elles i kommunen. Kulturlivet og kulturtilbod blir oppfatta å ha stor betydning for innbyggjarane i kommunen, og som eit attraktivt element for potensielle tilflyttarar. Kultursatsinga og næringssetjing blir sett i samanheng i kommunen.

For oss er det viktig å ta vare på den tradisjonelle kulturen, samstundes som me opnar for nytt. Me har for eksempel klart å komma inn på turnélista til Riksteatret, der det elles berre er byar som er med, og me arrangerer mange konsertar som har mange tilhøyrarar. Det er enkelt for oss å få folk med på slike tiltak, mellom anna fordi det føregår så lite her samanlikna med ein by. Me er veldig klare på at me må sørgja for at det er godt for alle heile tida. (intervju med ordføraren i Vågå 28.3.2011).

I dag arbeider kommunen med å etablere det den kallar ein kulturell næringshage, og arbeider med å få etablert Folkemusikkens hus i kommunen. Kultursatsing og satsing retta mot ungdom blei utvikla gjennom programdeltakinga, og har blitt utvikla vidare etterpå, slik at det no er ein vesentleg del av kommunen si satsing. Det blei satsa på ungdomshus og kulturhus, og kulturskulen var aktiv og kreativ. I dag er kulturskulen framleis viktig, også i skuleutviklingsprosjektet som Vågå no arbeider med.

#### 4.4.2 Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsmåtar

Utkantprogrammet handla også om å utvikla kompetanse gjennom programmet. Har denne blitt tatt vare på, og utvikla vidare, i kommunen dei ti åra som har gått? Programmet hadde vidare stort fokus på å skapa gode arbeidsprosessar for å gjere kommunen betre i stand til å driva langsiktig utviklingsarbeid. Har dette ført til varige endringar? Har arbeidsmåtene endra seg, utforma kommunen nye strategiar og tiltak, arbeider kommunen annleis i dag enn før programmet? Og påverka programmet organisering og samarbeid om utviklingsprosjekt vidare?

Vågåprosjektet dreiar seg både om organisering og arbeidsformer, og om tiltak retta mot ungdom, kulturlivet og næringslivet. Det var snakk om ei brei satsing der heile kommunen deltok, og der målgruppene var folk både i og utanfor kommunen. Vågå utvikla sin eigen strategi retta mot potensielle tilflyttarar – ”Det gode liv i Vågå” og dreiv bevisst rekrutteringsarbeid mot både moglege tilflyttarar og næringslivet. Alt dette krov kompetanse og innsats, og det krov samarbeid internt i kommunen og med ulike partar utanfor kommunen. I kommunen vart det utvikla omfattande og nyttig kompetanse i forhold til utviklingsarbeid, nettverksbygging,

profilering og marknadsføring og det å driva konkrete prosjekt. Både politisk og administrativ del av kommunen var viktig i dette arbeidet. I stor grad har kommunen behalde denne kompetansen, sjølv om det har vore utskiftingar av personell, og kompetansen er også utvikla vidare. Ein av grunnane til dette er den bevisste haldninga til det å driva utviklingsarbeid, og vektlegginga at kommunen må stå saman om arbeidet, og ha eit heilskapleg syn på utviklinga av kommunen. At kommunen har klart å halda fast på denne linja etter programslutt har samanheng med kontinuitet i politisk styring og ein rimeleg god kommuneøkonomi, som har gjeve kommunen tid og rom til å utvikla strategiane som blei påbegynte under programmet vidare.

Ein av desse strategiane har vore å knyta til seg kompetanse utanfrå, blant anna i form av mange viktige støttespelarar utanfrå, både i næringslivet og i offentleg byråkrati. Kommunen har heile tida arbeidt for å oppretthalda og utvida dette nettverket, og slik både få tilført kompetanse og få marknadsført kommunen. Vågå ser framleis verknader av programdeltakinga:

Utkantprogrammet blei eit vendepunkt for Vågå den gongen, frå eit splitta og negativt samfunn til det me er i dag. Me kom med i eit nettverk av andre kommunar som og hadde problem, og framfor alt fekk me god kontakt med sentrale styresmakter. (intervju med tidlegare næringsarbeidar 12. mai 2011)

Vågå sin framgangsmåte vart å inkludera mange og ulike miljø i arbeidet sitt, jenter, kvinnenettverk, eksterne miljø. Høgskular, næringsliv, som utfordra kommunen og gav arbeidet ein retning. Nettverksbygging blei viktig i prosjektet, og nettverket omfattar mange, frå sentrale aktørar i kommunen, næringslivet, politikarar og tilsvarande grupper utanfor kommunen. Det uformelle nettverket og arbeidsforma blei vidareført etter at programdeltakinga tok slutt. Ti år etter oppsummerer dåverande prosjektleiar arbeidsforma slik:

Kulturen og stoltheten i kommunen var veldig viktig, det same var arbeidet som ordføraren, rådmannen og eg som prosjektleiar gjorde. Eg lærte veldig mykje den tida, har aldri lært så mykje i mitt liv, og eg har grunnleggjande tru på denne arbeidsforma. Med bevisst jobbing blei bygdekrangelen som var i

kommunen fjerna frå folks medvit, og bygda blei samla (intervju med prosjektleiar 8. april 2011)

I dag er kommunen sitt store prosjekt eit prosjekt som tek utgangspunkt i skulen. ”Vaken og vågal i Vågå – eit samfunns-utviklingsprosjekt med mål om å lage Norges beste skule” meg store mål og eit utgangspunkt som krev tru på eigen innsats.

Ei erfaring for Vågå frå deltakinga i Utkantprogrammet er at det er viktig å våga å satsa, vera uredde og setja store mål både for administrasjonen og politikarane. Kommunen har ikkje spesielt godt utgangspunkt for skuleprosjektet, og har skåra lågt på nasjonale prøvar. Men kommunen legg vekt på at skulen er viktig for ”det gode liv i Vågå”.

## 4.5 Langtidseffektar i kommunane

Vågå var ein av kommunane som vart kalla suksesskommune ved avslutninga av Utkantprogrammet. Vågå er framleis ein suksesskommune i så måte. Folketalet går ned, men på langt nær så mykje som i andre utkantkommunar, og langt mindre enn Askvoll og Gamvik. I forhold til befolkningsutvikling og tilflytting er kommunen sin strategi å framstå som ein tilbydar-kommune; Vågå har noko å tilby til spesielt interesserte som vil bu eller busetja seg i kommunen. Dette gjeld både næringsliv som kan tenkjast å flytta til kommunen, og det gjeld folk som kan tenkjast å busetja seg i kommunen. Profileringa og marknadsføringa av kommunen har ei spesiell innretning og er retta mot klart utvalde grupper, grupper som kan tenkjast å vera interessante i nettopp det Vågå har. I arbeidet med å profilera seg sjølv har Vågå bygd opp eit nettverk av aktørar utanfrå kommunen som kan utfordra kommunen, og kan gje innspel som kan forbetra kommunen sitt profileringsarbeid. Slik sett framstår Vågå som ein tydleg og uredde kommune med klare tankar om kva den har å tilby potensielle nykommarar, anten dette er folk eller bedrifter.

I åra etter programslutt har Vågå vidareutvikla det som synte seg som suksess ved programslutt, slik at langtidseffektane frå programmet viser ein kommune med ein klar utviklingsstrategi der heile kommunen er ein del av denne, og kommunen har bygd opp eit nettverk som støttar eige arbeid. Vågå har i tillegg stått saman

om strategien og har klart å rydda unna motsetningar når det gjeld kommunens utvikling. Det er mange i, og utafor kommunen, som har medverka og medverkar til denne strategien. Det er fleire forhold som skil Askvoll og Gamvik frå Vågå, både når det gjeld befolkningsutvikling, næringsutvikling og politisk leiing. Det mest avgjerande når det gjeld langsiktige effektar av programdeltakinga er likevel utviklingsstrategien. Askvoll og Gamvik utvikla ikkje samme heilskaplege strategien som Vågå under programperioden, og har ikkje klart å tydeleggjera den i åra etterpå heller. Tvert i mot har andre forhold i kommunane tatt fokus frå den kommunale utviklingsstrategien, og kommunane framstår som kommunar som treng noko – folk, arbeidsplassar eller ressursar for å kunna snu eiga utvikling. I motsetning til Vågå har situasjonen i kommunen, med politiske endringar og motsetningar mellom bygdelag, heller ikkje støtta opp om lokale utviklingsstrategiar. Kommuneøkonomi, skulelokalisering og rettsaker har tatt fokus frå utviklingsarbeid

Lærdommen frå Utkantprogrammet viser at fokus på utviklingsarbeid er viktig, og at det er viktig å halda fast i dette. For å klara dette må politisk leiing i kommunen så vel som kommuneadministrasjonen satsa. Kommunen må profilera seg sjølv, og skapa seg eit omdømme som ein attraktiv kommune. Eit slikt omdømme kan ikkje kommunen åleine skapa, det er viktig med eit nettverk som kan hjelpa til med dette.




## 5 Tettstedsprogrammet

### 5.1 Befolkningsutvikling og aldersstruktur i kommunene

To av disse fire kommunene har hatt befolkningsvekst i perioden fra programstart og til i dag, det gjelder Ulstein og Steinkjer. Tolga og Vefsn har hatt nedgang i samme perioden. Vefsn har hatt nedgang hele perioden, både mens programmet pågikk og i årene etterpå. Det har også Tolga. Steinkjer hadde nedgang i folketallet i programperioden, men har økt etterpå. Ulstein har vokst i hele perioden.

Figur 5.1 *Folketallsutvikling i Vefsn, Steinkjer, Ulstein og Tolga i årene fra og med 2001 og fram til 1.1. 2011. Kjelde: SSB.*



Aldersstrukturen på innbyggerne i kommunen er også interessant, fordi den forteller om hvordan utviklingen når det gjelder folketall

i kommunen blir i årene framover. Har for eksempel kommunen en gammel befolkning, det vil si større innslag av de eldre aldersgruppene i befolkningen enn landsgjennomsnittet, er det rimelig å regne med nedgang i folketallet i kommunen, ganske enkelt ut fra dødsfall. I tabellen nedenfor er aldersstrukturen for de fire tettstedskommunene vi studerer presentert.

En forklaring til denne: Rekken for *folketall* viser til folketallet i kommunen pr. 1.1. 2011. De andre rekkene viser aldersklassene, 0-5 år, 6-15 år og oppover, og tallene her i de tre kolonnene for Tolga, Ulstein, Steinkjer og Vefsn er *indekser* i forhold til innslaget på landsnivå, som er satt til 100. Dersom tallet er lavere enn 100 betyr det at denne aldersklassen er representert med færre i kommunen enn landsnivået på 100. Dersom tallet er høyere, har kommunen relativt flere i denne aldersgruppen enn landsnivået, og dermed en eldre befolkning enn landet har.

Tabell 5.1 *Aldersstruktur for kommunene i Tettstedsprogrammet 1.1.2011. Indeks i forhold til innslaget på landsnivå (=100).*

|                  | <b>Tolga</b> | <b>Ulstein</b> | <b>Steinkjer</b> | <b>Vefsn</b> |
|------------------|--------------|----------------|------------------|--------------|
| <b>Folketall</b> | 1684         | 7751           | 21151            | 13307        |
| <b>0-5 år</b>    | 82           | 105            | 93               | 81           |
| <b>6-15 år</b>   | 108          | 117            | 99               | 100          |
| <b>16-25 år</b>  | 121          | 98             | 102              | 103          |
| <b>26-35 år</b>  | 58           | 98             | 75               | 77           |
| <b>36-45 år</b>  | 86           | 114            | 90               | 93           |
| <b>46-55 år</b>  | 106          | 95             | 105              | 106          |
| <b>56-65 år</b>  | 100          | 88             | 111              | 109          |
| <b>66-75 år</b>  | 119          | 88             | 121              | 125          |
| <b>76-85 år</b>  | 127          | 86             | 128              | 122          |
| <b>86 år +</b>   | 185          | 88             | 115              | 114          |

Tolga, Steinkjer og Vefsn har eldre befolkning enn på landsplan, men har også større innslag av de yngre aldersklassene enn landsbefolkningen, bortsett frå i de yngste klassene. Derimot er aldersklassen 26-35 år liten i disse tre kommunene. Ulstein skiller seg ut med å ha en langt yngre befolkning enn på landsbasis, større innslag av unge og mindre innslag av eldre.

Alle tre kommunene har et større innslag av befolkninga i de øvre aldersklassene enn hva det er på landsnivå, det gjeld for alle klassene fra og med 46-55 år og oppover, bortsett fra Gamvik for de to eldste klassene. Når de yngste klassene i tillegg er underrepresenterte i forhold til landsnivået, betyr dette at alle tre kommunene kan forvente folkenedgang i åra framover, i alle fall om det ikke skjer vesentlig tilflytting til kommunen.

Om vi ser på befolkningsutviklingen i de fire kommunene med spesiell vekt på selve tettstedet viser det seg at alle tettstedene har hatt befolkningsøkning. Særlig gjelder dette Ulsteinvik og Steinkjer tettsteder. Både Tolga og Vefsn kommune hadde befolkningsnedgang i perioden, mens tettstedene i disse to kommunene likevel hadde vekst. Ulstein med tettstedet Ulsteinvik skiller seg likevel ut fra de tre andre kommunene, kommunen som helhet har hatt folkevekst, men veksten er prosentvis større utenfor tettstedet enn i tettstedet.

Tabell 5.2 *Befolkningsutvikling i tettsteder 2001-2011. Absolutte tall og prosent.*

| Tettsted   | Absolutte tall |       |       |       |       |       | Prosent endring |           |
|------------|----------------|-------|-------|-------|-------|-------|-----------------|-----------|
|            | 2001           | 2003  | 2005  | 2007  | 2009  | 2011  | 2001-2011       | 2001-2011 |
| Tolga      | 565            | 624   | 646   | 608   | 588   | 581   | 16              | 3         |
| Ulsteinvik | 4956           | 5063  | 5103  | 5094  | 5251  | 5621  | 665             | 12        |
| Steinkjer  | 10570          | 10961 | 11113 | 11338 | 11538 | 11750 | 1180            | 10        |
| Mosjøen    | 9566           | 9600  | 9636  | 9784  | 9629  | 9631  | 65              | 1         |

Kilde: Statistikkbanken, Statistisk sentralbyrå

Det er likevel Ulstein kommune som har hatt størst befolkningsvekst av disse fire kommunene i perioden 2001-2011. I programperioden 2001-2005 hadde alle fire kommuner befolkningsvekst. Hvorvidt veksten skyldes Tettstedsprogrammet eller andre forhold har vi ikke grunnlag for å si noe om. Den positive utviklingen fortsatte i Ulsteinvik og Steinkjer, men ikke i Tolga og Mosjøen. I perioden 2001-2005 hadde Ulsteinvik en befolkningsøkning på 10 prosent. Forklaringer kan trolig knyttes til vekst i flere typer næringer, men kanskje også til egenskaper ved stedet som gjør det interessant å bosette seg der. Det kan også gjelde for Steinkjer. Se

---

ellers kapittel 2 og 3 om befolkningsutvikling og sysselsetting i de fire kommunene.

## 5.2 Vefsn kommune i Nordland

En målsetting med Tettstedsprogrammet var å gjøre tettstedet Mosjøen og Vefsn kommune så attraktivt at man bidro til å stoppe flyttestrømmen sørover, spesielt når det gjaldt eldre ungdom. I tillegg ønsket man å få dem som flytter fra kommune til å flytte tilbake. Tilrettelegging av kompetansearbeidsplasser, kultur- og fritidstilbud og sentrale tomtemuligheter var blant strategiene for å nå disse målene.

Satsingen på grønn profil gjennom etablering av turveier, oppgradering av Byparken og miljøsertifisering ble påbegynt før programstart og foregikk i løpet av programperioden (se mer om Byparken i det følgende). Ifølge sluttrapporten økte dugnadsinnsatsen på grunn av programmet, men dette ble imidlertid ikke satt i system i forhold til å sikre videreføring av samarbeidsånden etter prosjektperioden. Rapporten peker også på at målet om å utvikle Tettstedsprosjektet til en paraply for alt som skjedde i Mosjøen under fellesnevneren ”utvikling til et mer attraktivt og miljøvennlig tettsted, bare i liten grad lyktes i det prosjektet etter hvert fikk liten oppmerksomhet. Lokalt opplevde man at prosjektet gradvis ble nedtonet, og at prosjektorganiseringen ikke var god nok til å fange opp lokale tiltak. I sluttrapporten pekes det også på at med noen unntak viste sentrale ledd i kommunen heller ikke nevneverdig interesse for utviklingen av prosjektet som opprinnelig var tenkt.

Er denne situasjonsbeskrivelsen fortsatt gyldig? I det følgende presenteres en statusrapport fra Steinkjer, basert på oppfatningene til noen av dem som har vært involvert i tettstedsarbeidet og i påfølgende stedsutviklingsprosesser.

### 5.2.1 Satsinger i forlengelsen av programmet

Et konkret resultat som har tilknytning til programmet er Byparken, selv om arbeidet med oppgradering av denne var godt i gang før programperioden, som det også sies i sluttrapporten fra programmet. Selv om parken ville blitt realisert uansett, fikk de

drahjelp fra programmet, men også fra andre, som Riksantikvaren. Etablering av turveier har også vært et viktig prosjekt, der folk kan gå tur, fiske og ta med besøkende og bruke området på nye måter. I regi av programmet ble det også gjennomført en sentrumsanalyse. I dette arbeidet var det viktig å se sammenhenger og helhet i ulike byområder, og knytte dem sammen. Det var for eksempel viktig å integrere Sjøgata som en naturlig del av sentrum. Sjøgata ble vernet i 1970. Mens man før den tid ville rive det gamle, som ikke alltid var gode minner, endret synet seg utover på 1970-tallet. Programdeltakelsen åpnet for en del tilskuddsmidler fra ulike hold, og disse har vært viktige både i programperioden og i etterkant. Fordi kommunen har stram økonomi ville man uten ekstra ressurser hatt problemer med å fullføre en del prosjekter, eller det ville tatt lenger tid. Det viktigste med programdeltakelsen var at oppmerksomheten ble rettet mot konkrete tiltak, noe som bidro til at folk så at det skjedde noe.

### 5.2.2 Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsmåter

I regi av fylket ble det avholdt kurs i prosessplanlegging, med vekt på blant annet hvordan de som berøres av en plan kan involveres på et tidlig tidspunkt.<sup>17</sup> Dette kan bidra til at befolkningen får et eierforhold til det som gjøres, og økt interesse for kommunens utvikling. Kompetansen som ble utviklet gjennom kursene brukes i dag i all planlegging i Vefsn. Ifølge informant fra kommunens administrasjon tas befolkningens forslag om hva som skal til for å få folk til å bo i Mosjøen med videre inn i kommuneplanprosessen. Det viktigste i forbindelse med slike prosesser skjer i forkant av at planene utarbeides. Det var for øvrig enklere å mobilisere folk i grendene enn i sentrum, noe som ble forklart med at folkemøter i grendene i stor grad fungerer som sosiale arenaer. En lærdom var også at en må forankre tiltak i overordnede visjoner og mål, og ikke spre seg over alle gode tiltak.

Det har skjedd noe på holdningssiden, understreket informant fra fylkeskommunen, som også viste til pågående prosjekter i Mosjøen med å knytte sentrum bedre sammen og få bilene bort fra Torget (noe som ikke er helt konfliktfritt). Når de ser at det ser rent og

---

<sup>17</sup> Miljøverndepartementet startet opp kursene i prosessledelse for fylkeskoordinatorene og del prosjektledere. Etter hvert overtok fylkeskommunene disse kursene (kilde: Miljøverndepartementet).

pent ut rundt seg har det en smitteeffekt. Det var nødvendig med slik opprusting, og det har ifølge informantene vært en viktig lærdom gjennom programmet og i etterkant. Deltakelsen i Tettstedsprogrammet bidro til økt fokus på stedsutvikling og betydningen av å gjøre stedet mer attraktivt. Det fikk en del tenkeprosesser i gang, ble det understreket.

Arbeidet med tettstedsprogrammet inngikk i det ordinære arbeidet til administrasjonen og andre i kommunen; det ble altså ikke avsatt egne stillinger til dette. Noen leier inn ekstra folk for å jobbe med prosjekter, men det kan føre til problemer med oppfølging i ettertid, ble det understreket. Det har fungert bra som det er, fremholdt en informant fra kommunens administrasjon. Noen av dem som var involvert i Tettstedsprogrammet jobber fortsatt i kommunen.

Det fremkom imidlertid noe kritikk mot styringsgruppen som ble etablert i forbindelse med programmet, blant annet at den var for bredt sammensatt og for lite spisset mot temaer og at det ble for mange tiltak i ulike retninger. Det er viktig å bestemme seg for hva en vil og stå på det selv om det blir beinharde diskusjoner, og det alltid vil være noen som føler at de ikke får gjennomslag for sine interesser, ble det understreket. Det var både fordeler og ulemper ved at den ble en del av programmet, mente en informant fra kommunen: Flere var godt i gang med arbeidet og hadde kontroll over prosessen (kommunen, gartner, museet og Riksantikvaren), men gjennom programdeltakelsen skulle arbeidet med parken forankres i styringsgruppa, blant annet gjaldt det kanalisering av penger. De måtte også forklare styringsgruppa hva de gjorde.

I etterkant av programdeltakelsen ble det etablert arbeidsgrupper i tilknytning til konkrete prosjekter.

Man har nådd ungdom gjennom konkrete prosjekter, noe som blir oppfattet som den enkleste måten å få med folk på. Ungdomsrådet har vært aktivt med ideer og forslag. Det har blant annet resultert i at det er blitt avsatt midler til skateboardpark, sandvolleyballbane og andre idrettstiltak, delvis med støtte fra næringslivet. Det har ikke vært igangsatt noen spesifikke kvinnetiltak i Vefsn i forbindelse med programmet.

### 5.2.3 Fylkeskommunen og nasjonale myndigheter

Det var flere samlinger over kommunegrensa med andre kommuner i fylket som var med i programmet. Samtidig ønsket mange at det var mer erfaringsutveksling med kommuner utenfor fylket, som Tingvoll og Steinkjer som jobbet mye med liknende tema, som lyssetting. Flere understreket at det er viktig å se sammenheng i ting og samordne tiltak. Kommunen opplevde at den ikke klarte det i løpet av programmet, men at heller ikke MD gjorde det, der det også var stadig ulike folk involver. Samarbeidet mellom de sju departementene som var involvert i Tettstedsprogrammet synes heller ikke å ha fungert, slik det ble opplevd i Vefsn. Det må understrekes at dette er informantenes oppfatninger, der involverte departementer kan se annerledes på det. Samarbeidet med fylkeskommunen ble beskrevet som godt, og det er regional forståelse om betydningen av å legge vekt på attraktivitet i stedsutviklingen, understreket en informant som jobber ned næringsutvikling. I løpet av programperioden var det imidlertid hyppig utskifting av folk i fylkeskommunen, noe som bidro til manglende kontinuitet i arbeidet fra fylkeskommunen side. Det betød blant annet at fokus i arbeidet stadig skiftet. Informanten fra fylkeskommunen delte denne oppfatningen, og pekte, ut fra egne erfaringer, på at det tar tid å bygge opp kompetanse, bli kjent i fylket og etablere kontakter i kommunene.

#### *Regionale utviklingsmidler er viktige i Vefsn*

Fylkeskommunen administrerer regionale utviklingsmidler fra KRD som brukes til å medfinansiere kommunale investeringer i fysiske tiltak i offentlige uterom. Vefsn har vært svært aktiv når det gjelder å søke midler sammenliknet med de fleste andre kommunene i Nordland, og har i perioden 2006 - 2011 fått tilskudd til tre (snart fire)-"gryteklare" prosjekter. Mangel på søknader generelt skyldes blant annet at mindre kommuner ofte ikke kan skyte til minimum 50 prosent medfinansiering som kreves for å få midler. Kommunene kan også mangle fagfolk til å gjennomføre tiltak. I Vefsn (Mosjøen) har regionale utviklingsmidler bidratt til å medfinansiere flere stedsformingsprosjekter. Et eksempel er tilrettelegging for publikum ved næringsområdet Baustein ved fjorden utenfor Mosjøen sentrum hvor det ligger et småbåtanlegg og kulturminnet "Pålgarden" (stolper fra tradisjonell tømmerfløting i Vefsna). Et annet eksempel er oppgradering av

plassen utenfor kino/kulturhus og Mosjøen Torg (søknad under arbeid). Også i forbindelse med oppgraderingen av Byparken har fylkeskommunale midler vært viktige bidrag.

#### 5.2.4 Samarbeid med og bistand fra private aktører

Gårdeierforeningen og næringsdrivende var sentral i forbindelse med sentrumsutviklingen. Det er viktig å få til en felles bevissthet og bredt anlagt forståelse om å utvikle Vefsn som attraktivt både for næringsetablering og som bosted, ble det understreket. I den sammenheng ble det i 2010 arrangert flere fagseminarer om sentrumsutviklingen, med god mediedekning og det la grunnlaget for videre satsing.

Kommunen opplevde at det kunne være vanskelig å få med næringsaktører rundt Torget i forbindelse med opprustingen av dette, både når det gjaldt å vekke deres engasjement, og få dem til å bidra med midler. Holdningen var litt preget av ”dette må kommunen ta”. En viktig aktør som ble nevnt er Mosjøen og omegn næringssselskap, som blant annet driver med kulturbasert næringsutvikling. ”Forum for Mosjøens forskjønnelse” (der blant andre lederen av Mosjøen og omegn næringssselskap er med) er viktig når det gjelder etablering av gangstier og promenadeområder langs Vefsn. Det betyr at man får mer, og ny, bruk av nærområdene.

#### Utfordringer og påpekninger

Det er viktig å bygge opp gode offentlige debatter om sentrumsutvikling, og bli flinkere til å bruke mediene. Det er også viktig å få noe til å skje, få til noen synlige resultater, ikke bare lage planer understreket informant fra fylkeskommunen, som pekte på at Vefsn blir positivt fremhevet på nettopp det). En annen utfordring er at ansatte i kommunen har mange andre oppgaver å skjøtte enn stedsutvikling. Det er også en utfordring i de fleste nordlandskommuner å få yngre tilbakeflyttere/nytilflyttere. Stedsutvikling er vel og bra, men ikke interessant uten arbeidsplasser. Det er veldig viktig at ungdom flytter ut og tar utdanning, på de beste stedene, men det kan være et problem å få disse tilbake, men flere av informantene våre mente at ungdommene utdanner seg vekk fra Mosjøen. Utdanningsnivået er lavt i regionen og det trengs flere kompetansearbeidsplasser og satsing på næringsutvikling. Det



burde vært tilført slike arbeidsplasser fra sentrale strøk, like gjerne fra Bodø som fra Oslo. For å være attraktiv som etablerings- eller bosettingssted, så må det finnes tilgjengelige arealer for bedrifter som vil etablere seg. I dag er det en utfordring. Kommunen har arbeidet mye med bevisstgjøring om betydningen av å ha kulturbaserte, kreative næringer i kommunen. Etter hvert har kunstnere, arkitekter, designere og andre innenfor dette feltet etablert seg i Mosjøen, noe som kan gjøre det aktuelt for andre å komme etter, og er med på å utvikle miljøet og gjøre det mer attraktivt for nye.

Noe som både er en kvalitet og en utfordring er betydningen av frivillig innsats, fra velforeninger og andre når ting skal gjennomføres. Blant annet gjør Byparkens Venner, som består av pensjonister, en viktig innsats. Men dugnadsinnsats er i ferd med å avta, blant annet fordi det er vanskelig å lære opp og motivere yngre mennesker. Det betyr at det er stadig mindre dugnadsinnsats, og noen få som drar lasset. Det er også viktig å bygge opp gode offentlige debatter om sentrumsutvikling, de fleste kommuner kan bli flinkere til å bruke mediene.

### 5.2.5 Miljøtenkning

Vefsn påpeker at kommunen har miljøtenkning i alt vde gjør. Kommunen var blant de nominerte til å bli Nordlands sykkelby. Det satses store midler både på nye sykkelveier og på standardheving av eksisterende, og ser det som viktig i et folkehelseperspektiv. Ifølge informant fra fylkeskommunen ble miljø, i betydningen bærekraft og klima, underkommunisert i Tettstedsprogrammet, og derfor er det også få resultater å vise til i de deltakende kommunene. Miljøsertifisering av bedrifter har vært viktig miljøtiltak i Vefsn, der Mosjøen er blant de steder i landet som har flest miljøsertifiserte bedrifter i forhold til folketallet i kommunen. Denne satsingen foregikk i forbindelse med og i etterkant av Tettstedsprogrammet.

### 5.2.6 Økt interesse for sentrumsutvikling

Det er blitt økt interesse for Mosjøen sentrum og sentrumsutvikling, og økt bevissthet om hva som er viktige kvaliteter som må tas vare på. Det er også blitt en økt bystolthet, knyttet til

Sjøgata og byens kulturhistorie, men det kobles ikke spesielt til Tettstedsprogrammet. Det viktigste med programdeltakelsen var at man fikk fokus på konkrete tiltak, det bidro til at folk så at det skjedde noe. Et spørsmål som kan stilles, både når det gjelder Mosjøen og andre steder, er om et mer fysisk attraktivt sentrum, som folk eventuelt er stolte av, også bidrar til et mer levende sentrum på ulike tider i døgnet. Svaret for Mosjøens del er at det er fortsatt lite liv og aktivitet i sentrum etter arbeidstid, noe som blant annet har sammenheng med at det er kostbart for butikker å utvide åpningstidene, siden da kundegrunnet ikke er stort nok. Men det har også med tradisjoner og levemåter å gjøre, som innebærer at det primært er den yngre delen av befolkningen som i størst grad bruker kafeer, barer og andre utesteder.

### 5.3 Ulstein i Møre og Romsdal

Ulstein hadde som en målsetting i programmet å utvikle og implementere en ny tenke- og arbeidsmåte innenfor offentlig forvaltning i kommunen. Metodikken skulle baseres på et levende lokaldemokrati med kanalisering av et bredt tilfang av ideer for å utvikle et mer attraktivt tettsted.

Satsingsområder var fysiske tiltak, forpliktende partnerskap i deltaking for å vedlikeholde og videreutvikle sentrums- og tettstedsfunksjoner i Ulsteinvik. Før kommunen ble med i programmet hadde de utarbeidet en tettstedsanalyse (1999). Sentralt i denne var hvordan kommunen kunne utvikle og fornye seg.

#### 5.3.1 Satsinger i forlengelsen av Tettstedsprogrammet

Det som var sentralt i forbindelse med programdeltakelsen har også vært prioriterte områder i videreføringen. Det har vært en målsetting i tilknytning til, og i videreføring av programmet å satse på sentrumsutvikling. Det dreier seg om fysisk/estetisk opprusting, etablering av møteplasser, parker og grønne lunger og tilrettelegge for aktiviteter som skaper mer liv og aktivitet i sentrum. Arbeid med stedets identitet har også vært viktig, samt å se kultur- og næringsutvikling i sammenheng. Drahjelpen fra programmet gjorde at den ene aktiviteten dro den andre med seg, og man fikk et mer helhetlig blikk på stedsutviklingen, og vekt på estetisk

opprusting. Resultater vises for eksempel i ny lyssettingsplan, i parker og grøntområder. Utformingen av lyssetting og søppelkasser skulle være gjenkjennelig hos befolkningen, og spille på det stedsspesifikke. Det å få etablert hotellet i sentrum var viktig for videre utvikling. Det foregikk ved at gamle Sunnmøre folkehøgskule, som opprinnelig lå i sentrum, og hotellet som lå utenfor sentrum ”byttet” plass ved at kommunen kjøpte skolen og gjorde den om til levekårscenter, mens hotelleierne bygget nytt hotell i sentrum, der kinosal og kulturhus er sammenbygd med hotellet. Et annet grep var å få kjøpesenter inn i sentrum i stedet for utenfor<sup>18</sup>. Revitalisering av havnefronten inngår også i sentrumsutviklingen. Målet er å få utviklet 2 km med promenadeområde på sjøsiden. Fortetting av sentrum gjennom å få flere boliger i sentrum er viktig både for å få liv i sentrum og av miljøhensyn. Oversikt over igangsatte og planlagt utbygging vil det gi i overkant av 16 000 kvadratmeter med næringsareal og om lag 170 nye leiligheter.

For Ulstein representerer programmet såkorn. Det betyr at effekter av programdeltakelsen først har kommet de senere årene. Det gjenstår å få fullført utbyggingen av Sjøgata og gågate fra Rådhuset til Posten, kalt Trivselsgata, og som kom som et direkte resultat av Tettstedsprogrammet, og få avtaler på plass med fylket. Videre trengs det etablering av flere grønne lunger, benker og sykkelstativer. Samarbeid mellom ulike aktører har vært viktig for å få realisert en del tiltak. Det gjelder for eksempel etablering av Trivselsgata. I forbindelse med sentrumsutviklingen ble det arrangert to workshops, der anbefalinger og forslag ble sammenfattet og nedfelte i skisserapporten ”Tettstedsutvikling i Ulsteinvik”. En anbefaling var å gjøre Trivselsgata attraktiv både på dagtid og kveldstid, noe som fordrer tilbud som restauranter, kvelds åpne butikker, kino, konserter og boliger i sentrum. Programdeltakelsen ga en ny giv i sentrumsutviklingen, og som førte til mer liv og aktiviteter, flere kaffebarer, spisesteder og møtesteder. Dette har endret folks bruk av sentrum. Sentrum brukes også mer på kveldstid. Nytt kulturhus og kino bidrar også til at sentrum oppsøkes mer enn tidligere. Det man nå gjør er en videreføring av Tettstedsprogrammet, og tenkningen fra deltakelsen lever i beste velgående.

---

<sup>18</sup> Ulsmo hadde i utgangspunktet planer om en handelpark utenfor sentrum, men de endret planene i forbindelse med Tettstedsprogrammet.

### 5.3.2 Kompetanse, arbeidsformer og samarbeidsformer

*”Ulstein har løftet seg utrolig, vi er lykkelige over at vi fikk delta i Tettstedsprogrammet”*

Deltakelse i programmet var viktig fordi det bidro til en endring i tenkemåter om stedsutvikling og når det gjaldt arbeidsformer. Helt fra starten av programmet var det viktig at kommunen var tett på alle aktiviteter, og at tiltak ble forankret i kommuneplaner og andre strategidokumenter. I Ulstein var tettstedsarbeidet forankret hos ordføreren, og administrasjonen var helt sentral i arbeidet. Programdeltakelsen har ligget til grunn for mye av det som er blitt gjort i kommunen, og det var stor grad av tverrpolitisk enighet. Prosessen kunne imidlertid vært enda mer politisk forankret, mente informant fra fylkeskommunen.

Det som måtte være av motsetninger i de fire casekommunene beskrives gjennomgående i nøytrale og generelle vendinger, som at ”noen alltid er motstrøms”, ”det vil alltid være noen som mener noe annet”, og liknende. Unntaket er Tolga der det har vært heftig debatt om utformingen av skulpturparken, og der denne uenigheten fortsatt gjør seg gjeldende og løftes fram av informantene. Det ble pekt på at man kunne vært flinkere til å involvere også de mest kritiske. Som det ble påpekt av informanter i Vefsn er det viktig å bestemme seg for hva en vil og stå på det selv om det alltid vil være noen som føler at de ikke får gjennomslag for sine interesser. Medvirkning i stedsutviklingsprosesser fører ikke nødvendigvis i at folk blir enige, men kanskje til større aksept for de avgjørelser som foretas, enn om en ikke tas med på råd. Det må også sies at det er opp til folk selv om de vil medvirke eller ikke, samt at ikke alle er like godt i stand til å fremme sine interesser. Det betyr også at maktdimensjonen bør vektlegges i studier av stedsutviklingsprosesser. Selv om det er konstruktivt å løfte fram de mange gode historiene og suksessfaktorer, til inspirasjon for andre byer og tettsteder, bør man samtidig ikke underkommunisere at det også kan være ulike oppfatninger om

hvordan kommunen/tettstedet eller bestemte områder/  
enkeltprosjekter bør utvikles og utformes.

En vanlig motsetning, også i casekommunene, går mellom dem som ønsker å tilrettelegge for bilfrie områder og næringsdrivende og andre som ser viktigheten av å kunne kjøre til, og parkere nær, butikker, og som eventuelt frykter at omsetningen i bilfrie områder vil gå ned. Som det sies i Ulstein er "alle" tilhenger av at det må bli tilrettelagt for myke trafikanter – gående, syklende, rullestolbrukere etc., men ikke like mange er villige til å oppgi parkeringsplassene utenfor sitt eget næringslokale.

## 5.7 Hva skal til for å lykkes i stedsutviklingsprosesser?

Hvilke suksesskriterier kjennetegner kommunene som har oppnådd langsiktige, positive effekter?

Mye er skrevet om gode eksempler og kloke grep som kommunene som deltok i Tettstedsprogrammet i større eller mindre grad forbindes med (Sluttrapport fra programmet (2005) og Lysø med flere (2005)). Spesielt viktig, og krevende, er overføring til kommunens ordinære drift når det gjelder arbeidsformer og annet man lærte og benyttet seg av i programperioden. I dette prosjektet har hovedvekten vært å se på om det man fikk til av kloke grep i programperioden fortsatt står seg seks år etter programslett.

Erfaringer og læring fra programdeltakelsen synes å ha fått virkninger utover programperioden når det gjelder arbeids- og samarbeidsformer, blant annet med hensyn til å involvere befolkningen og næringsaktører i spørsmål om kommunens utvikling. Kursene i prosessarbeid som ble avholdt i forbindelse med programmet var viktige da, og ser ut til å komme til nytte også i 2011. Dette er en viktig, langsiktig effekt av programdeltakelsen.

En annen viktig effekt av programmet, og som også er i tråd med funnene i evalueringen til Lysø med flere (2005) er at de fire casekommunene alle har forankret stedsutviklingsarbeidet politisk, administrativt og i sivilsamfunnet, noe som er et godt utgangspunkt for å lykkes. Engasjement, involvering, og bevisstgjøring er

noen nøkkelord som brukes av informantene og som også er viktig i stedsutviklingsprosesser generelt. Det betyr å engasjere og involvere så vel næringsaktører som ungdom og andre befolkningskategorier i kommunes utvikling, og øke bevisstheten om hva som er kvaliteter og muligheter og hva som evt. er mindre bra i kommunen, og som bør forbedres. I Steinkjer klarte man å nå fram til utflyttet ungdom, og har også fått etablert flere arbeidsplasser, noe som er et viktig utgangspunkt for å tiltrekke seg nye innbyggere og få ungdom til å flytte tilbake til kommunen. Utvikling av sentrumsområder med bymessige kvaliteter kan være et godt utgangspunkt for å lykkes i større kommuner som Steinkjer og Vefsn, men også i de litt mindre kommuner som Ulstein og Tolga har man satsset på å gjøre sentrum mer interessant å oppsøke. De fire casekommunene har fått til fysisk/estetisk oppgradering av sentrumsområdene (gater, fortau, parker og andre møteplasser), fått etablert turveier (eller rydding og oppgradering av eksisterende) og det har også skjedd noe når det gjelder arbeidsprosesser og i tenkningen rundt stedsutvikling, blant annet at dette arbeidet må integreres i kommunale planer og i kommunens strategiske tenkning, ikke være noe som foregår på siden av dette arbeidet. Dette er vektlagt i de fire kommunene. Som det blant annet sies av Omholt-Jensen (2006) er kontinuitet i arbeidet, bred forankring og prioritering og oppmerksomhet om det som gjøres et godt utgangspunkt for å lykkes og få langsiktige positive effekter.

Samtlige kommuner har som målsetting å få utflyttet ungdom tilbake etter endt utdanning, og generelt tiltrekke seg nye innbyggere. Til det trengs et variert arbeidsmarked. Som påvist andre steder i rapporten har Steinkjer og Ulstein, hatt folketilvekst i tettstedet, men også disse kommunene ønsker flere innbyggere. Hvilke kvaliteter stedet bør ha for at ungdom skal trives og for å få dem ”hjem igjen” etter endt utdanning bør bli gjenstand for nærmere undersøkelser i disse og andre kommuner som trenger nye innbyggere og tilbakeflyttere. Om det er et interessant sted for ungdom og hvordan det er for barn å vokse opp i kommunen krever også nærmere undersøkelser.

## 5.8 Er stedene blitt mer attraktive?

Det ”store bildet” er at de fire casekommunene har gjennomført en rekke tiltak i sentrumsområdene som har bidratt til fysisk og estetisk oppgradering, og det har vært lagt vekt på kvalitet i det som gjøres av steinsetting, lyssetting, beplantning og annet. Stedene er blitt penere, men er de blitt mer attraktive i betydningen levende og mer interessante å oppholde seg i til ulike tider av døgnet? Som det fremkommer i beskrivelsene av hva som har skjedd i casekommunene er bildet noe sammensatt.

I Ulsteinvik har man fått flere kafeer og andre møtesteder som folk spesielt bruker på dagtid, og sentrum er her også så kompakt med korte avstander mellom sentrum og boligområdene, at det er lett å oppsøke utestedene også på kveldstid. I hvilket omfang også den voksne del av befolkningen benytter seg av tilbudene er ikke tema i dette prosjektet.

I Mosjøen er det ifølge informantene lite liv og aktivitet i sentrum etter arbeidstid, og det har blant annet med at det er kostbart for butikker å utvide åpningstidene, siden kundegrunnlaget ikke er stort nok. Et attraktivt sted kan også knyttes til at det er parker og sentralt beliggende turveier. I Mosjøen har oppgraderingen av Byparken og etablering av turveier medført at folk bruker byen på nye måter.

Tolga er flott for dem som ønsker ro rundt seg og friluftsliv. Det betyr ikke at sentrumsutvikling er uvesentlig, og man har fått et grønnere, mer intimt og attraktivt sentrum som det er blitt hyggeligere å oppholde seg i enn tidligere. På et lite sted på Tolga er det ikke kundegrunnlag for et variert utvalg av kafeer og andre utesteder, noe som også begrenser bruken av sentrum etter ”stengetid”, og som kan være en utfordring når det gjelder å være interessant for ungdom og eventuelt besøkende som ikke bare er ute etter fine naturomgivelser.

I Steinkjer er næringslivet blitt mer fokusert på å gjøre det attraktivt i sentrum slik at folk skal fristes til å oppsøke og bruke det. Det sies at det er blitt mer liv og røre i sentrum, for eksempel legges flere arrangementer til sentrumsområdene enn tidligere. Både de fire casekommunene og andre kommuner bør tenke gjennom ”hvem de vil være”, og hvordan de skal gå fram for å

være attraktive og interessante både for dem som bor der, besøkende og for dem som ønsker å bo og etablere næringsvirksomhet der.

## 5.9 Erfaringer og effekter av programmet

By- og stedsutvikling er en kontinuerlig prosess: Arbeidet med stedsutvikling i kommunene verken startet eller ble avsluttet med Tettstedsprogrammet. Det har i de fleste kommunene vært en sømløs overgang mellom prosjekter som var påbegynt før programstart, det som skjedde i programperioden og i videreføring av prosjekter og satsinger. Igangsatte prosjekter fikk flere steder drahjelp fra programmet som var viktig i videreføring ellerslutføring av prosjektene.

Konkrete, fysiske tiltak: Programdeltakelsen bidro til at kommunene fikk et mer helhetlig fokus på stedsutviklingen, og vekt på estetisk opprusting og kvalitet i det som ble gjort.

Miljøtiltak: Forurensende lys ble erstattet med LED-lys. I flere kommuner satses det også på fortetting i sentrumsområdene og på å få bilene bort fra en del gater og plasser. Nye gang- og sykkelveier og standardheving av eksisterende er etablert. I Vefsn har sertifisering av bedrifter med miljøsertifikat vært en viktig satsing i tilknytning til og i etterkant av Tettstedsprogrammet. Miljø i betydningen bærekraft og klima har gjennomgående hatt en mindre plass enn miljøtiltak i betydningen fysisk oppgradering og andre trivselskapende tiltak.

Arbeidsmåter: Erfaringer og læring fra programdeltakelsen har fått virkninger utover programperioden når det gjelder prosessstyring og arbeidsformer, blant annet med hensyn til å involvere befolkningen og næringsaktører i spørsmål om kommunens utvikling. Det skjedde en ”mental snuoperasjon” og endring i tenkemåter om stedsutvikling og arbeidsformer som de har tatt med seg videre i arbeidet med stedsutvikling.

Suksessfaktorer: En viktig faktor for å lykkes er at stedsutviklingsprosesser er forankret politisk og administrativt i kommunen, og på tvers av ulike sektorer. Det gjorde man i programperioden, men det er en større utfordring i ettertid. Like viktig er lokal forankring i sivilsamfunnet, næringslivet og i lag/organisasjoner. Selv om

stedsutvikling ofte dreier seg om langsiktige prosjekter, er det også viktig å få til noen synlige resultater på kort sikt, slik at folk skjønner at det skjer noe og ikke bare blir ”prat og planer”. Flere av dem som var involvert i tettstedsarbeidet arbeider fortsatt i kommunen og er ”tett på” det som har skjedd i forlengelsen av programmet.

Utfordringer og barrierer : *Økonomi* til å sette i gang, ferdigstille og videreføre prosjekter. Selv om flere parter er med blir det ikke nødvendigvis mange penger ut av det. Lovpålagte oppgaver) må prioriteres.

*Bemannings situasjonen.* Når man ikke lenger er del av et program og det ikke er stillinger avsatt til oppfølging, inngår dette arbeidet i alt annet som ansatte i kommunen må skjøtte. Spesielt kritisk kan det være i mindre kommuner, der også mangelen på fagfolk er en utfordring.

*Prosjekttrotthet.* Stedsutviklingsprosesser som pågår over lengre tid kan føre til prosjekttrotthet og -slitasje, det vil si at engasjementet og gløden i arbeider, og man kan også bli tømt for ideer. Mye stedsutviklingsarbeid avhenger av lokale ildsjeler og dugnadsinnsats, det gjelder også i disse kommunene. Men også lokale ildsjeler kan gå trøtt, og dugnadsiveren kan også variere.

*Stedsutvikling tar tid, men ikke alt tar like lang tid.* Dersom resultatene lar vente på seg, avtar folks interesse. Derfor viktig å få til noe på kort sikt Også viktig å få fram at stedsutvikling er en kontinuerlig prosess.

*Spleiselag:* Samarbeid med private aktører (næringsliv, eiendomsbesittere etc.) i form av spleiselag er nødvendig for å få gjennomført større prosjekter. Dette kan også være en utfordring å få til.

Personer er viktige: Viktig å ha personer i og utenfor kommunens organisasjon som har evnen til å skape entusiasme, interesse og ”eierskap” i befolkningen til sentrumsutvikling/stedsutvikling slik at gløden i arbeidet holdes oppe. Også viktig å ha personer som har tid, motivasjon og ressurser til å fortsette arbeidet med steds- og sentrumsutvikling.

Samarbeidsrelasjoner: Fylkeskommunens (koordinatorens) rolle var svært viktig når det gjaldt faglig bistand og oppfølging både i programperioden og i etterkant, selv om kontakten var tette i

programperioden. Det er uheldig med hyppig utskifting av kontaktpersoner i fylkeskommunen.

Miljøverndepartementet har vært en viktig faglig støttespiller. Det var ikke enkelt i oppfølgingen ved at det var flere departementer å forholde seg til. Det var flere departementer involvert i programmet, disse ble opplevd som nokså usynlige.

Forankring: Stedsutviklingstiltak må forankres i kommuneplaner og andre strategidokumenter, ikke foregå på siden av eller utenfor den kommunale virksomheten for øvrig.

## 6 Langtidseffektar av dei to programma – kva viser igjen i dag?

Utkantprogrammet og Tettstadprogrammet vart avslutta for fleire år sidan. Begge programma medførte til dels omfattande innsatsar som viste seg under og i etterkant av programma, og som vart dokumenterte i blant anna evalueringsrapportane frå programma. Politiske innsatsar som desse programma har også ein langsiktig effekt og blir forventa å setja spor etter seg på ein eller fleire måtar, spor med ulike avtrykk og ulik levetid. Det er desse spora me har sett på i dette arbeidet. Tankegangen vår er som i tradisjonelle evalueringar; at politikk inneber handling som medfører endring, og at dette har effekt både på kort og lang sikt. Det er dei langsiktige effektane me er opptekne av her, og desse effektane leitar me etter på to område eller nivå; samfunnet og kommunen. Me er opptekne av i kva grad innsatsane har hatt effektar på samfunnet programma har blitt gjennomførte i, og me er opptekne av i kva grad programma har ført til langsiktige effektar på organisasjonane, det vil seia kommunane, dei blei gjennomførte i. I tillegg er me opptekne av i kva grad forsøka har ført til læring, og eventuelt korleis ny kunnskap har blitt tatt vare på. Langsiktig er her fem eller ti år etter starten på dei to programma. I mange samanhengar kan ikkje dette kallast spesielt langsiktig, og det er heller ikkje gitt av ikkje effektane kan visa seg annleis lengre fram i tid, men det er på dette tidspunktet me ser på programma.

Verknadene frå ein politisk innsatskan ofte vera vanskeleg å skilja frå andre effektar, og det kan vera vanskeleg å seia kva som ville skjedd om ikkje programmet hadde vorte sett i gang. Fleire år etter avslutning av tiltaket kan det vera enda vanskelegare å seia at effektane me ser i samfunnet; det vil seia i kommunen eller på



staden, er effektar berre frå programmet. Andre innsatsar kan ha medverka til effektane, anten ved å forsterka dei eller ved å svekka dei. Slik vil det alltid vera ein viss usikkerhet knytta til det å slå fast at akkurat eit bestemt tiltak førte til effektane ein ser i ettertid åleine. I arbeidet med å spora effektar i ettertid er det difor viktig å fokusera på innsatsar og følgja desse, og det er viktig å lytta til korleis endringane blir forklarte. Det er dette det blir fokusert på i analysen av dei to programma nedanfor, der det blir fokusert på samfunnseffektar som oppfatning av stadens attraktivitet, næringsutvikling og befolkningsutvikling, langsiktig effektar på kommunen sitt utviklingsarbeid og til sist på læring.

## 6.1 Samfunnseffektar

Dei to utviklingsprogramma føregjekk i fleire ulike kommunar, og var retta mot at kommunane skulle endra seg og oppnå ny kunnskap og nye måtar å handla på. Desse endringane var også forventa å ha effekt utanfor sjølve kommuneorganisasjonen. Det som her blir kalla samfunnseffektar er effektar som kan observerast med omsyn til ein stads attraktivitet, korleis folk oppfattar ulike sider ved staden i dag, om det kan forventast at ein innsats påverkar folketalet i kommunen eller på staden, eller at det påverkar arbeidslivet og næringsutviklinga. Effektar som dette er store og tunge, og blir påverka av mange ulike forhold.

Dei fem åra etter Tettstadprogrammet og ti åra etter Utkantprogrammet har kommunane som deltok opplevd til dels store endringar, endringar som ikkje er forårsaka av programma. Situasjonen i fiskeria og ei erstatningsrettsak som førte til store utbetalingar for Gamvik kommune har til dømes ingenting med programdeltakinga å gjera. Men det har likefullt innverknad på samfunnet, og har medverka til dårleg kommuneøkonomi, og til utflytting og nedgang i folketalet, og kan dermed kan påverka programinnsatsen, og at det blei lite rom for å driva utviklingsarbeid i kommunen etterkant av programmet.

Dei tre utkantkommunane me har sett på hadde alle nedgang i folketalet i åra før programdeltakinga, og har hatt det i ettertid også, utan at ein dermed kan fastslå at programmet var mislukka. Alle dei fire tettstadane har hatt auke i folketalet, sjølv folketalet i to av kommunane gjekk ned. Tettstadprogrammet kan ha vore ein

del av årsaka her, men knappast heile, i så fall ville folkeauken i tettstaden vera prosentvis høgare enn for heile kommunen. Slik er det ikkje i Ulstein, der folkeauken er større i omlandet enn i sjølve tettstaden.

### 6.1.1 Befolkingas oppfatning av staden

Evalueringa består også av ein survey til ulike grupper av innbyggerane i kommunane som deltok i dei to programma. Ein av målsetjingane med denne var å undersøka korleis kommunen blir oppfatta blant ulike grupper, blir den oppfatta som attraktiv?

Kommunane som er med her blir først og fremst oppfatta som attraktive oppvekksstader for barn, lite attraktiv for ungdom, meir attraktiv for menn enn for kvinner, og svært attraktive for vaksne i arbeid. Det som må endrast på gjeld først og fremst arbeidslivet, der kommunane har behov for meir varierte arbeidsplassar, men kommunane treng og fleire folk og fleire møtestader for folk i ulik alder.

Programma sette spor etter seg, og sjølv fleire år etter avslutning blir dei hugsa av innbyggerane. Nærare tre av ti seier av programmet førte til nytenking og positivitet i kommunen, resultatet er likt for dei to programma. Litt fleire seier at det er vaskelig å sjå konkrete resultat av programma, fordi så mykje har hendt i ettertid. Samstundes meiner tre av fire at det er viktig at kommunen sjølv gjer ein innsats for å folk til å trivast og bu på staden, kommunen må med andre ord ha ein strategi for eigen utvikling.

### 6.1.2 Attraktive kommunar?

I surveyen til eit utval av innbyggerane i kommunane som deltok i dei to programma vart det spurd om kva spor programmet har sett, det vil seia om respondentane kunne seia at programmet hadde sett spor etter seg på ein slik måte av desse var synlege i dag, og at respondentane dermed kjente til nokon av tiltaka som programmet hadde vektlagt. Me spurde også om respondentane hadde inntrykk av at lærdom eller erfaringar frå programmet blir brukt i kommunen i dag og kva programdeltakinga fortel om det å driva utviklingsarbeid i utkantkommunar.

I underkant av 30 prosent svara at dei kjenner til at kommunen deltok i Utkantprogrammet og/eller Tettstadprogrammet. For halvparten av desse kom kjennskapengjennom politiske verv, mange hadde også høyrte om programmet gjennom arbeidet sitt. Programma sette og fysiske spor, og muligheter til noko nytt: arrangement (t.d. ungdomsmusikal, seminar, ulike tilbud til innbyggjarar/tilreisande, fysiske spor som bygg og anlegg). I tillegg sette programmet sosiale spor, som møteplassar, arbeidsmåtar, tenkjemåtar, ny giv og kontakt med andre.

Ein variert arbeidsmarknad er ei viktig utfordring for alle kommunane som deltok i programma, skal kommunen framstå meir attraktiv i framtida enn i dag.

Kommunane i begge programsatsingane er opptekne av behovet for meir varierte arbeidsplassar, nærare ni av ti i utkantkommunane meiner dette. Men også folketalet er viktig, og meir enn sju av ti utkantkommunar meiner det er viktig med tilflytting, mot fem av ti i tettstadkommunane. Det er ikkje uventa at er det utkantkommunane som er mest opptekne av behovet for tilflytting. Det er denne kommunetypen som har hatt størst nedgang i folketalet dei seinare åra. Begge kommunetypene ser eit behov for ein regionalpolitikk som satsar sterkare på distrikta.

Vel 60 prosent meiner det er viktig med programsatsingar som desse to programma, og langt fleire meiner det er viktig at kommunen gjer ein innsats for å få folk til å trivast og bu i kommunen.

Ein langt større del av respondentane i spørjeundersøkinga meiner kommunen deira er ein betre stad å bu i dag enn før programmet (43,6 %), enn kva det er som meiner det er omvendt (23,1 %) <sup>22</sup>. Meir enn halvparten av dei som har svara på undersøkinga (57 %) meiner og at kommunen gjer ein god jobb for å utvikla kommunen i rett retning <sup>23</sup>. Også dette svaret gjeld alle kommunane og begge programma.

---

<sup>22</sup> Svaret gjeld for begge programma og alle kommunane som deltok i det. N=420. Ein stor del (140) har svara "veit ikkje".

<sup>23</sup> N=418.

### 6.1.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsnedgang prega alle kommunane som kom med i Utkantprogrammet, kommunane hadde til dels hatt til dels stor nedgang i folketalet i åra framføre programdeltakinga. Nedgangen har halde fram i ettertid av programmet også. Aldersstrukturen i dei tre kommunane som var med viser aukande aldring. Spesielt Gamvik og Askvoll har fått redusert innslaget av småbarnsfamiliar vesentleg. Begge desse kommunane hadde ein relativt sunn aldersstruktur før programmet starta. Askvoll har fått ein sterk auke i innslaget av personar over 65 år. For Gamvik har konsentrasjonen komme i aldersgruppa 55-75 år. På høgare alderssteg ber Finnmark framleis preg av å ha en relativt ung befolkning, grunna evakuering og påfølgande fråflytting under krigen.

Også Vågå har i aukande grad fått eldre befolkning, men endringane har skjedd seinare enn i dei to andre kommunane. Innslaget av barnefamiliar er ikkje blitt så mykje lågare dei siste 15 åra. Aldersstrukturen er likevel typisk, ved at alle grupper over 50 år er sterkare representert enn på landsbasis, mens alle grupper under 50 år er underrepresentert. Det same gjeld også Askvoll og Gamvik med unntak for dei aller eldste, men for desse er dette eit nyare fenomen.

Av dei fire kommunane frå Tettstadprogrammet er det først og fremst Ulstein som skil seg ut som ein kommune som har hatt samanhengande folkeauke dei siste tjue åra. Også Steinkjer har hatt vekst i folketalet både i forkant av programdeltakinga, og i åra etter programmet, men kommunen har også opplevd år med nedgang i folketalet i denne perioden.<sup>24</sup> I åra etter 2005 har folketalet auka årleg i kommunen. Vefsn hadde stort sett folkeauke første delen av 90-talet, og nedgang andre delen. I programperioden gjekk folketalet ned tre av åra<sup>25</sup>. I åra etter programmet har folketalet i kommunen gått ned. Tolga har hatt nedgang i folketalet i tjueårsperioden frå 1989 til 2009.

Utkantprogrammet førte ikkje til samfunnsmessige effektar i form av auka folketal også i etterkant av programmet. Alle desse

---

<sup>25</sup> I Vefsn gjekk folketalet ned i 2001, 2002 og 2005, medan det var auke i 2003 og 2004.

kommunane har hatt nedgang i folketalet i så og seia alle åra etter 1997, og denne utviklinga vart ikkje broten av programdeltakinga. Men nedgangen fordeler seg ulikt, Vågå har hatt ein nedgang på i underkanten av fire prosent og Gamvik på nærare 26 prosent. Askvoll plasserer seg i mellomgruppa med ein nedgang på vel 12 prosent. I dag har Gamvik under tusen innbyggjarar (991 pr. 1.1.2011).<sup>26</sup> Her er det likevel på sin plass å minna om at Utkantprogrammet hadde ikkje vekst i folketalet som ei målsetjing, derimot at kommunane skulle bli betre i stand til å påverka og ta ansvar for ein situasjon med langvarig nedgang i folketalet. Korleis kommunane har realisert dette målet kan me i større grad sjå gjennom kva utviklingsstrategi kommunen har vald, noko me omtalar seinare her.

I kommunane i Tettstadprogrammet var det sentra som vart satsa på, og om denne satsinga har påverka folketalet så må me forventa å finna større auke i folketalet i sentrum av kommunen enn i omlander. Slik er det også for tre av kommunane, også for dei to med samla folkenedgang i åra etter programdeltakinga. I Tolga og Vefsn har folketalet gått ned i kommunen, men auka i kommunesentra, i Steinkjer har folketalet auka i kommunen, og enda meir i kommunesenteret. Ulstein har hatt vekst i folketalet i ettertid av programmet, men langt større vekst i omlandet enn i sentrum. Om det er programdeltakinga som har ført til folkeauke er vanskeleg å seia, og det er liten grunn til å tru at programma åleine er det som har ført til for eksempel folkeauke i kommunesentra i kommunane i Tettstadprogrammet. Derimot kan programmet ha vore ein av fleire faktorar som har gjort sentra meir attraktive.

Dei same kommunane som har hatt auke i folketalet har også hatt auke i sysselsetjinga. Dette gjeld ein av utkantkommunane, Vågå, og to av tettstadkommunane, Ulstein og Steinkjer. Dei andre kommunane har opplevd større eller mindre nedgang i sysselsetjinga, den prosentvis største nedgangen er det Gamvik som har opplevd.

---

<sup>26</sup> Askvoll auka folketalet frå 1.1.2010 til 1.1.2011, frå 2999 til 3000.

## 6.2 Langsiktige effektar

Ei utfordring med avgrensa prosjekt er om erfaringane med desse blir vidareført i det ordinære arbeidet i kommunen i ettertid. Korleis vurderer me om kommunane er betre i stand til å driva stadutvikling og lokal samfunnsutvikling i dag enn tidlegare som følge av deltaking i programma. Me prøver også å peika på kritiske suksessfaktorar for at ein har lukkast med å forbetra arbeidet sitt.

### 6.2.1 Nye satsingar

Programdeltakinga førte for mange av kommunane at det har blitt etablert nye satsingar i kommunane i naturleg forlenging av programsatsingane. Vågå er i gang med eit skuleprosjekt og driv framleis med tilflyttingsarbeidet sitt. I Askvoll føregjekk satsingane frå programmet i fleire år etter programslett, en er avslutta no. I dag er det først og fremst eit prosjekt knytt til ein lokal daglegvarebutikk som er aktivt. Dette prosjektet var både ein del av Utkantprogrammet i kommunen og ein del av det statlege Merkurprogrammet. Gamvik er i dag opptatt av å komma i gang som omstillingskommune.

For kommunane i Tettstadprogrammet dreiar arbeidet etter programslett seg i stor grad om slutføring og vidareføring av prosjekt som vart sette i gang i samband med programmet. For alle handlar det i hovudsak om fysisk/estetiske tiltak i sentrumsområda. Etablering av møteplassar, parkar og grøne lungar har vore viktig dei fleste stadene. Visuelle rettleiarar som vart utvikla i tilknytning til programmet er blitt brukt i det vidare arbeidet. Vidareføringa av arbeidet er i Vefsn knytt til byparken i Mosjøen, i Ulstein til Trivselsgata (gågate) og revitalisering av havnefronten i Ulsteinvik og i Tolga til prosjektet "Gata" og Skulpturparken. Tolga ser vidare utviklinga i Vingelen som kommunen si satsing i forlenging av programmet. Sentrumsutvikling i "stort og smått" er vidareføringa i Steinkjer, der ein har lagt vekt på lyssetting av bygningar og anna, og plantning langs E-6. For alle kommunane gjeld det at vidareføringa er knytt til og ein del av kommuneplanprosessen.

## 6.2.2 Kompetanse

Ein del av effektane frå deltaking i programma var at kommunane utvikla ny kompetanse, det gjeld både kompetanse knytt til arbeidsprosessar, prosjektgjennomføring, samarbeid, fysisk planlegging og kompetanse til å driva utviklingsarbeid. I ulik grad tileigna kommunane seg slik kompetanse, og har klart å oppretthalda eller vidareutvikla denne i ettertid, og ”lever på programmet enno” som det blir sagt i Vågå. Kommunane som var dyktigast til å tileigna seg ny kompetanse i løpet av programperioden ser ut til å vera dei som også har vore best til å ivareta denne. Det er også dei som klarast har makta å gjera det som synest å sjå ut som varige endringar innan arbeidsmetodikk, strategiar og tiltak. Igjen er det Vågå som er den av utkantskommunane som best kan syna til varige endringar her.

Innanfor Tettstaprogrammet svarte alle kommunane bekreftande på dette. Det er til dømes meir samarbeid på tvers av kommunale sektorgrenser enn tidlegare, kommunikasjonen innad i kommunens organisasjon er blitt betre, og programdeltakinga bidro til endring i tenkjemåtar om korleis ein kunne arbeida og med hva; det skjedde ein ”mental snuoperasjon”, som det blei kalla. Kommunane la også auka vekt på å involvera sivilsamfunnet i tettstadarbeidet gjennom ulike former for medverknad. Blant anna har dei blitt meir merksame på tidleg involvering av berørte partar i planprosessar og det blir arrangert møte om aktuelle saker. Kompetansen som vart utvikla i programperioden kjem til nytte blant anna i utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel, noko som er ein viktig langsiktig effekt. Slik ser det ut til at kommunane er blitt betre til å driva stadutvikling og lokal samfunnsutvikling enn dei var før programstart, men sidan den kommunale kvardagen inneber mindre tid og kapasitet til tettstadarbeid kan det få som konsekvens at dette arbeidet ikkje blir prioritert like høgt som i programperioden, men kjem bak lovpålagde kommunale oppgåver. Det kan bety at stadutviklingsarbeidet, spesielt i mindre kommunar som Tolga, er avhengig av eksterne midlar for å få til vidare satsingar.

Kompetanse er svært viktig for å setja i gang nye tiltak og kunna utvikla kommunen. Kompetanse er ofte knytta til personar og aktørar i kommunen, og her har gjerne større kommunar det lettare enn små kommunar. Små kommunar slit ofte med å skaffa

kompetente folk, ikkje minst når det er snakk om ny kunnskap, og slit med å halda på desse. Dei to programma krov ny kompetanse, og dei førte i ulik grad til at kommunane utvikla ny kompetanse. Kommunane som lukkast best her var gode på å dela kompetansen, og ikkje setja seg i ein situasjon er ein enkeltperson sat med åleine med den nye kunnskapen. Enkeltaktørar er viktig i utviklingsarbeid, men kommunen bør ikkje setja seg i ein situasjon der kompetansen forsvinn fullstendig dersom nøkkelpersonen sluttar i kommunen.

I Tettstadprogrammet er det spesielt ein stor kommune som Steinkjer som har god tilgang på fagfolk i og utanfor kommunens administrasjon. Dei som ikkje lenger er tilsette i kommunen, er fortsatt ”tett på” mykje av det som skjer av oppfølging/videreføring og blir mykje brukt som føredragshaldarar. Men også mindre tettstadkommunar, som Tolga, peikar på at kompetanse og arbeidsformer er blitt verande og vidareført i nye prosjekt, og erfaringane frå programdeltakinga går som ein raud tråd fra arbeidet i programmet til nye prosjekt.

Ei løysing på kompetansespørsmålet kan vera å ty til innleigd arbeidskraft. Dei kan vera gode leiarar av prosjektet, men det er like fullt større sjanse for at kompetansen forsvinn frå kommunen når prosjektleiaren avsluttar sitt engasjement. Men også fast tilsette forsvinn, og utfordringa blir å ta vare på kompetansen når fokus blir flytta til heilt andre oppgåver og utfordringar enn dei programmet dreia seg om. Gamvik opplevde dette, og har i liten grad kunna gjort nytte av programdeltakinga. I ein slik situasjon kan kommunen lett oppleve at det blir vanskeleg å bruka tidlegare erfaringar i neste satsing, kvar satsing blir som ein ny start.

Tid til å driva med fysisk planlegging er ein kritisk faktor, dette arbeidet kjem gjerne på toppen av mange andre kommunale oppgåver. Det er situasjonen i dei fire tettstadkommunane, og spesielt vanskeleg kan det vera i mindre kommunar.

### 6.2.3 Utfordringar med utviklingsarbeid

Forankring, medverknad, kompetanse og langsiktig strategi er viktige stikkord når utviklingsarbeidets suksess skal forklarast. Det viser røyntslene frå alle deltakarkommunane her. Ein suksessfaktor er å forankra utviklingsarbeidet politisk, administrativ og i sivilsam-



funnet. Det tyder mellom anna at arbeidet må forankrast i kommunale planar og i kommunen sin strategiske tenkjing. Det må og forankrast i kommunepolitikken, på tvers av politiske skiljeliner. Arbeidet må integrerast og forankrast i kommuneorganisasjonen, på tvers av sektorar. Dette er ei erfaring alle kommunane har gjort. Samarbeid med næringslivet er også viktig, utviklingsarbeidet er avhengig av at ulike krefter medverkar, mål og strategi må vera kjende og delte i lokalsamfunnet. Ulike parter kan tilby ulik kompetanse, og kan medverka til kvalitet på arbeidet. Kvalitet er viktig, også når det er snakk om kvalitet i det som blir gjort – av fysisk og estetisk karakter, og gjennomføra det ein ein blir samde om sjølv om nokre skulle vera usamde.

Utviklingsprogramma førte til behov for ny kompetanse i kommunen. Fleire av kommunane, først og fremst tettstad-kommunane, leigde inn kompetanse til programmet. Dette førte til ny kompetanse og nye idear i kommunane. Andre kommunar la ansvaret til eigne tilsette, som utvikla ny kompetanse blant anna gjennom deltaking i programma. Kommunane kan ikkje vera ansvarleg for all slags kompetanse som utviklingsoppgåver krev, men det er viktig å vurdera kva som er strategisk kompetanse som må finnast i kommuneorganisasjonen og kva som kan leigast inn for kortare tidsrom. Kommunane valde ulikt her, ut frå mulighetane som fanst. Ein stor og ein liten kommune står ikkje ovanfor same valmulighetane her.

Utviklingsarbeid kan ta tid, og for å halda oppe interessa rundt det er det viktig å kunna visa til konkrete resultat undervegs. Alt tek ikkje like lang tid, og kommunane som såg verdien av å visa til singlar undervegs, sørge nettopp for å trekkja fram konkrete resultat på kort sikt.

Barrierene som klarast viser seg i utviklingsarbeidet for desse kommunane er knytt til økonomi og tid. Det krevst økonomi til å ferdigstillast prosjekt, og til å setja nye i gang. Når ein ikkje lenger er ein del av eit nasjonalt program, og det ikkje er sett av ressursar til arbeidet, for eksempel ein stilling i kommunen, inngår gjerne arbeidet i alt anna som kommunen må ta hand om. Det krevst og ein stabil kommuneøkonomi til å kunna fokusera på utviklingsarbeid, og for at tid og oppmerksomhet ikkje skal bli knytt til utfordringane med kommuneøkonomien.

Utviklingsarbeid er krevjande på ulike måtar, også i forhold til engasjement frå deltakarane, blant anna fordi det krev stor involvering frå aktørane. Dei som lukkast best har ofte leiarar med spesielle eigenskapar når det gjeld å engasjera andre og motivera til innsats. Baksida av slikt ”engasjementavhengig” arbeid er at prosjekttrøtthet og prosjektslitasje kan oppstå i prosessar som går over lengre tid, engasjementet minkar og gløden i arbeidet blir borte.

#### 6.2.4 Interkommunalt samarbeid

Kommunar kan tena på interkommunalt samarbeid, også når det gjeld utviklingsarbeid. Å gå saman om profilering eller marknadsføring av regionen, eller om å skaffa seg ny kompetanse for eksempel når det gjeld tettstadutvikling kan vera til gode for begge eller alle kommunane som deltek i eit samarbeid. Samstundes er det å velja ein konkurransestrategi eit dilemma når det gjeld samarbeid, noko kommunane også var inne på. Å profilera eigen kommune og marknadsføra egne fortrinn kan lett vera i konkurranse med nabokommunen, fordi ein gjerne konkurrerer om same arbeidsplassane, bedriftene eller folka. Interkommunalt samarbeid er lettast om alle parter tener på det, og i konkurransen om nye innbyggjarar eller nye etablerarar vil det alltid vera ein vinnar og ein tapar.

På nokre område har det like fullt blitt utvikla interkommunalt samarbeid, det gjeld til dømes innan marknadsføringsarbeid og reiselivssatsing.

#### 6.2.5 Fylkeskommunen som støttespelar

Har fylkeskommunen fått hadde ei viktigare rolle som støttespelar i arbeidet med stadutvikling og lokal samfunnsutvikling etter programmet? Svaret her er at det har fylkeskommunen, men då først og fremst fordi fylkeskommunens rolle har blitt endra etter 2001, og fylkeskommunen har ei viktigare oppgåve som regional utviklingsaktør no enn før endringa. Slik har og fylkeskommunen endra rolla som støttespelar i arbeidet med lokal samfunnsutvikling, både på grunn av programmet, men framfor alt på grunn av endring i politikken.

Tettstadkommunane rosar samarbeidet med og støtta frå fylkeskommunen som bra i etterkant av programmet, slik det også var i samband med programmet. Programmet førte også til auka kontakt med fylkeskommunen, noko som var vist seg varig.

### 6.3 Læring

Eit viktig spørsmål i evalueringsrapporten frå Utkantprogrammet (Karlsen m.fl 2003) var om programmet tilførte noko nytt. Kva strategiar nyttar utkantkommunene seg av når det gjeld å takla viktige samfunnstrendar? Karlsen m. fl nemnde fire strategiar; å forhalda seg passiv og ikkje gjera nokon strategiske valg, ein klientelistisk strategi der ein forventar at overordna styresmakter tek ansvaret, ein motstansorientert og isolasjonistisk strategi der ein trekker seg unna og fornektar samfunnstrendar og sosiale og kulturelle endringar, og til sist ein konkurranseorientert strategi som er bygd på ein proaktiv handling til endringsprosessane i samfunnet (op. Cit side 108-109). Det var den siste strategien Kommunal- og regionaldepartementet oppmuntra til under programmet, og det var denne strategien evaluatorane såg utvikla seg i deltakarkommunane. Dette er ein strategi som føreset konkurranse mellom stader og kommunar om å til dømes trekkja til seg investeringar, kompetanse, nyetableringar og folk, og at kommunen tek grep om si eiga utvikling ut frå det den har evne til å påverka.

I ettertid ser me at konkurransestrategien framleis er levande i kommunane me har sett på i Utkantprogrammet, men at kommunane har lukkast i ulik grad. Vågå er den som har lukkast best her, og som konkurrerer om å tiltrekkja seg nye arbeidsplassar, investering, kompetanse og folk. Tankegangen om at kommunen har noko å tilby og kan vera attraktiv for visse segment av næringslivet og av befolkninga er tydeleg og klar i kommunen og kommunen sine støttespelarar.

Val av strategi er ikkje enkelt for kommunane, utkantkommunane opplever i ulik grad sin eigen utkantstatus som ein barriere for utvikling. Og når ein konkurransestrategi blir lagt til grunn for utvikling av kommunen er nettopp trekk ved kommunen avgjerande. Det er viktig om kommunen er meir eller mindre lett tilgjengeleg for for eksempel reiselivsaktørar, det er avgjerande om

det finst viktig kompetanse i kommunen, og det er viktig om det er eit attraktivt næringsliv i kommunen. Kommunale prioriteringar og val er viktig for å lukkast med ein snuoperasjon, men det er også viktig å ha støtte frå andre, og å ha ei lokalisering som kan brukast aktivt i eiga marknadsføring. Vågå har lukkast i å marknadsføra natur, nasjonalparkar, kultur, arbeidskraft og ein serviceinnstilt kommune. Askvoll og Gamvik har ikkje lukkast med å utforma ein klar strategi, først og fremst på grunn av hendingar i kommunen som tok fokus bort frå utviklingsarbeidet. Men erfaringane frå desse kommunane gjer det også legitimt å spørja kva verdiar utkantkommunane skal ta utgangspunkt i når dei skal delta i konkurransen om å lukkast som kommune. Dei fleste definisjonane av utkant snakkar om avstand, og også blant utkantkommunane finst det eit hierarki når det er snakk om avstand, anten det gjeld i forhold til nasjonalt sentrum, ein attraktiv arbeidsmarknad, til utdannings- og kulturtilbod og til eit kompetansemiljø. I forlenging av dette kan det også spørjast om alle kommunar kan bli vinnarar i ein konkurranse mellom kommunane. Folketalutviklinga gjennom mange år tilseier at å snu utviklinga i beste fall krev omfattande innsats, i verste fall er umogeleg.

Tettstadkommunane me ser på har alle lukkast med stadutviklingsarbeidet sitt på ulike måtar. Erfaringane viser også at slikt arbeid tek ulik tid, og ein fireårsperiode er ikkje alltid lang nok til å visa alle resultatane frå innsatsen. Ein lærdom er at det i slike situasjonar er viktig å kunna visa til resultat undervegs, slik Steinkjer har gjort, ikkje minst for å halda motivasjonen oppe. Kontinuitet i arbeidet, fokus på kvalitet og det å ha dei rette personane til å leia arbeidet er viktig for utviklingsarbeidet. Ei erfaring er at stadutvikling i ein mellomstor bykommune er noko anna enn i ein mindre bygdekommune, sjølv om erfaringar på ein del område kan delast.

## Litteratur

- Fimreite, A.L. med flere (2005): By-governance. I: A.K. Fimreite og T. Medalen (red.): *Regioner i utakt*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.
- Karlsen, J, Lysgård, H.K., Ryntveit, A.L., Langhelle, O. og Fosse, J.K : *Følgeevaluering av Utkantprogrammet. Sluttrapport*, FOU-rapport nr 3/2003 Agderforskning
- Nesje, L.M. med flere (2006): *Evaluering av Samfunnsbyggeprosjektet i Arendal*. Prosjektrapport nr. 16. Kristiansand: Agderforskning.
- Omholt-Jensen, K. (2006): Med kraft, tro og kjærlighet – hvordan lykkes med tettstedsutvikling. *Plan 1/2006*.
- Onsager, Knut, Frants Gundersen, Bjørg Langset og Kjetil Sørli (2010): *Kompetanseintensive næringer og tjenester – lokalisering og regional utvikling*. NIBR-rapport 2010:20
- Vestby, G.M. og P.G. Røe (2004): *Fortellingen om en stedsutvikling – en sosiokulturell prosess*. NIBR-notat 2004: 101.

### Andre kjelder

- Handlingsplan med strategisk del, Gamvik kommune 2010
- Hansen, T.M. (2002): Steinkjer: Stedsutvikling med forankring hos aktive partnere. *Plan 2/2002*.
- Holm, E.D. (2006): Tette teite steder? *Plan 1/2006*.

- 
- Karlsen, James, f. fleire: *Følgeevaluering av Utkantprogrammet, sluttrapport*, FOU-rapport nr 3/2003, Agderforskning
- Lysø, R., J. Karlsen og N.A. Sletterød (2005): *Miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene. Sluttrapport fra følgeevalueringen av programmet*. Nord-Trøndelagsforskning.
- Medalen, T. (2010): *Bolyst og Engasjement i Småbyer og Tettsteder. Evaluering av stedsutviklingsprogrammet BLEST*. Asplan Viak AS.
- Miljøverndepartementet (2005): *Miljøvennlige og attraktive tettsteder. Erfaringer og anbefalinger fra Tettstedsprogrammet*.
- Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet (1999): *Gode steder. 36 eksempler*.
- Ringdal, S. (2006): *Tolga – kulturminner i særstilling. Plan 1/2006*.
- Ringholm, T., N. Aarsæther, V. Nygaard og P. Selle (2009): *Kommunen som samfunnsutvikler. En undersøkelse av norske kommuners arbeid med lokal samfunnsutvikling*. Tromsø: Norut.
- Ryntveit, A.K. og B.M. Tordhol (2002): *Evaluering av kurs i prosesskompetanse*. Prosjektrapport nr. 14/2002. Kristiansand: Agderforskning.
- Skjeggedal, T. (2002): *Tettstedsprogrammet – noe nytt? Plan 2/2002*.
- Skjeggedal, T., P. Engesæter og J. Amdam (2000): *Tettsteder i distriktene – situasjon og muligheter*. Nord-Trøndelagsforskning, Østlandsforskning og Møreforskning.
- Sluttrapport. Miljøvennlige og attraktive tettsteder. Erfaringer og anbefalinger fra Tettstedsprogrammet*. Planavdelingen, Miljøverndepartementet 2005